



# Øystre Slidre kommune



## Årsrapport 2021

Årsmelding  
Årsegnskap

[https://pub.framsikt.net/2021/oystre-slidre/mr-202112-årsrapport\\_2021/](https://pub.framsikt.net/2021/oystre-slidre/mr-202112-årsrapport_2021/)

Framlagt av rådmannen 31. mars /25.april 2022



## Innhald

Forord .....	4
10 på topp .....	5
Utvikling i befolkning 4. Kvartal 2021.....	7
Sentrale kapittel - Økonomisk utvikling og stilling .....	9
KOSTRA hovudtal.....	9
Totaloversikt økonomi .....	10
Budsjettavvik drift - oversikt område.....	11
Vurdering av driftsresultat for kommunen .....	13
Koronaen (covid-19) og verknad på kommunens økonomi.....	15
Fri egenkapital drift .....	16
Finans-, gjelds- og kraftforvaltning.....	17
Premieavviket.....	22
Investeringsregnskapet - kommentarar .....	24
Organisasjon .....	27
Rekruttering .....	27
Sjukefråvær .....	27
Uføredel.....	28
Likestilling.....	29
Arbeidstid/deltid .....	32

Etisk standard .....	33
Internkontroll .....	33
Miljø.....	34
<b>Kommunen sine tenestoområde.....</b>	<b>35</b>
Rådmannen - fellesområde .....	35
Opplæring og kultur .....	39
Helse og omsorg.....	45
Tekniske tenester .....	51
<b>Årsrekneskap.....</b>	<b>59</b>
§5-4 Bevilgningsoversikter - drift (1A) .....	59
§5-4 Sum bevilgninger drift, netto (1B) .....	60
§5-6 Økonomisk oversikt etter art - drift.....	61
§5-9 Oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar - drift.....	62
§5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2A) .....	63
§5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2B).....	64
§5-9 Oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar - investering.....	65
Balanse per 31.12. ....	66
Notar til regnskapet .....	68
<b>Vedlegg.....</b>	<b>77</b>
Næringsmessig bruk av eideomsskatt.....	77
Budsjettavvik drift - etter art.....	79
Øystre Slidre Frivilligsentral - Årsrapport.....	84
Interkommunale tenester - årsrapportar.....	87
Tilstandsrapport skule.....	88



## Forord

Årsmeldinga for 2021 viser om vi har brukt meir eller mindre pengar på dei ulike tenesteområda enn det kommunestyret har løyvd i budsjettet. Årsmeldinga viser også om måla som kommunestyret har gitt er nådd eller ikkje nådd, og forklarar vesentlege avvik.

2020 og 2021 har vore prega av verknadene av koronaen. Vi har frå regjeringa fått beskjeden om å slå tilbake, bremsa opp og etter kvart kontrollert leva med koronaen. Dette har sjølvstakt fått store verknader for den kommunale drifta. Min vurdering er at kommunen har klart å kome gjennom denne perioden på ein god måte, først og fremst takka vera gode medarbeidarar som har stilt opp. Takk for det. I 2021 har den daglege ytinga av tenester til innbyggjarane hatt første prioritet, men vi har også utvikla tenestene og kommunen vidare og i stor grad nådd dei måla kommunestyret har gitt oss.

Rekneskapen viser gode tal for 2021, med eit netto driftsresultat på 6,3% av driftsinntektene. Dette er eit svært godt resultat, og som til ein viss grad skuldast auka statlege overføringar knytt til koronaen. Dei statlege overføringane er 7,2 mill. høgare enn budsjettet, netto rente er 1,7 mill. betre enn budsjettet, pensjon 1,5 mill. betre enn budsjettet og det er ført 3,9 mill. meir på sjølvkost enn budsjettet. Drifta av dei kommunale og interkommunale tenestene ligg samla sett innafor budsjetttramma for tenestene, noko eg er godt nøgd med.

Eg vil takke alle tilsette i kommunen for den ekstra innsatsen svært mange har gjort for å levere gode tenester til innbyggjarane også i ei tid prega av koronarestriksjonar.

31.mars / 20.april 2022

Jostein Aanestad

Rådmann

## 10 på topp

**Status for dei 10 høgast prioriterte utviklingsområda for Øystre Slidre kommune i økonomiplanperioden er følgjande:**

**Vi skal ferdigstille uteområde ved Øystre Slidre helsetun, gjere Helsetunet til ein møteplass for innbyggjarane i kommunen og legge om helse- og omsorgsteneste slik at moglegheitene nytt helsetun gir vert utnytta.**

Uteområdet på Øystre Slidre helsetun vart ferdig i august 2021. Også det nye sentrumstorget er langt på veg ferdig.

Helsetunet vart offisielt 18. september med inviterte gjeste og invitasjon til alle innbyggjarane i kommunen. Grunna koronaen kunne vi ikkje denne dagen invitere innbyggjarane inn i Helsetunet.

Vi har kome godt i gang med å leggje om helse- og omsorgstenestene vår slik at moglegheitene i Helsetunet vert utnytta. Dette er eit kontinuerleg arbeid. Rådmannen sett i juni 2021 ned ei arbeidsgruppa med tilsette, tillitsvald, vernetenesta og avdelings- og tenesteleiarar med mandat å fullføre innflytting i Helsetunet. Målet med dette arbeidet er å nytte den omstillinga vi er inne i til å utvikle trygge og myndiggjorte medarbeidarar. Trygge og myndiggjorte medarbeidarar er den viktigaste føresetnaden for å levere helse- og omsorgstenester av god kvalitet. Arbeidet med teneste- og medarbeidarutvikling vil halde fram i 2022.

**Vi skal busetja inntil 20 flyktningar i 2021 og sikre at alle busette flyktningar er i jobb eller utdanning når dei er ferdig med introprogrammet.**

Vi har busett 10 personar; 4 vaksne og 6 born i 2021. I tillegg kjem familiesameining. Det er svært få av det busette flykningane som ikkje er i jobb eller utdanning ved ferdig introprogram.

**Vi skal starte arbeidet med å revidere arealdelen av kommuneplanen med bakgrunn i arealstrategien i kommuneplanen med sikte på vedtak av planen sommaren 2022.**

Arbeidet med revidering av kommuneplanen sin arealdel (KPA) er starta opp og planprogrammet vart høyrte i 2021. Samtidig vart det opna opp for å kome med innspel til KPA-arbeidet.

**Vi skal i lag med nasjonale myndigheiter og andre samarbeidspartar etablere ressurscenter for fjellandbruk på Løken gard.**

Vi har spelt inn til jordbruksforhandlingane og stortingskomiteen forslag om å løyve midlar til drift av eit nasjonalt senteret for fjellandbruk, med 2 mill. i basisløyve og 2 mill. til prosjektgjennomføring. Det er sett ned ei styringsgruppe for etablering av senteret, med ein representant frå kvar av desse organisasjonane: Norsk Landbruksrådgiving, Storsteigen videregående skole, Fjellnettverket, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Seterkultur, Norges Bondelag, Norges Vel, og Øystre Slidre kommune. Styringsgruppa skal bidra til å utvikle visjon for senteret, vidareutvikle måla for senteret, avklare langsiktig finansiering og utarbeide ein kommunikasjonsplan. . I Hurdalsplattforma heiter det: «*Regjeringa vil sørge for betre berekraft i landbrukt gjennom auka bruk av utmarksbeite, setring, klimatilpassing, investering i jord og etablering av eit nasjonalt senter for fjellandbruk.*» Vi er gjennom denne formuleringa nådd ein milepel i arbeidet med etablering av senteret.

Faglaga og 5 Valdreskommunar har bedt mat- og landbruksministeren om å stoppe salet av Løken gard. Ministeren stoppa salet, og ønskjer å ha ein prosess med kommunen om framtidig eigarskap m.v. for Løken gard.

**Vi skal sørge for at minst 5 verksemder inngår i næringsklynga Klima+ innan utgangen av 2021, der målsettinga med næringsklynga er å etablere fritidsbustader som i utbygging og drift har positiv klimaverknad.**

Det er 5 verksemder som i 2021 har hatt lokale i næringsklynga Klima+.

Vi har fått utarbeidd ein rapport med eksempel frå fleire kommunar korleis klima og miljøomsyn kan innarbeidast i reguleringsplanar og anna planverk. Vi vil i samband med revidering av KPA og ved handsaming av reguleringsplanar og utbyggingsavtalar utvikle føresegnar som sikrar ei miljø- og klimavenleg utbygging av område for fritidsbustader.

**Vi skal i samarbeid med næringslivet etablere selskapet Beitostølen Utvikling as som eit felles selskap for finansiering og gjennomføring av fellestiltak på Beitostølen, der målsettinga er å doble tal busette til 600 personar og tal overnattingsdøgn til 600 000 gjestedøgn innan 2035 gjennom å heve sentrumskvalitetane og invitere til oppleving av Rein naturglede.**

Selskapet Beitostølen Fellesgoder AS vart etablert på slutten av 2021. Selskapet har fire eigarar, der kommunen eig 50% av aksjane. Føremålet med selskapet er å sikre finansiering av utvikling, drift og tilrettelegging for bruk av fellesgoder på Beitostølen. Fellesgoder er tilbod til gjester, deltidsinnbyggjarar og innbyggjarar som er tilgjengelege for alle utan betaling ved bruk, t.d. skiløyper inkl. snølagring/tidlegsnø, andre løyper og turstiar, friområde, parkar m.v. Det er ei målsetting å legge til rette for fleire gjestedøgn og få ei jamnare fordeling av gjestedøgn gjennom året. Utviklinga skal vera berekraftig og kvalitetane ved Beitostølen som reisemål skal hevast. Beitostølen skal invitere til Rein naturglede – for alle. Selskapet er sikra at eigarane årleg nyttar samla minst 4,5 mill. til desse føremåla.

**Vi skal gjennomføre eit forprosjekt med sikte på å etablere ein folkehøgskule med tilgrensande aktivitetar i tidlegare sjukeheim.**

Kommunestyret har handsama sak om søknad om støtte til forprosjekt for etablering av Fly'a folkehøgskule på Heggenes. Det vart ikkje sett av midlar til Fly'a i statsbudsjettet for 2022. Vi samarbeider med fleire personar som har sagt seg villig til å vera ambassadørar for folkehøgskulen, og vi har arbeider med ulike informasjonstiltak for å presentere folkehøgskulen for samarbeidspartar, direktoratet og utdannings- og forskingskomiteen. Vi har gjeve innspel til ny regjering og nytt Storting om Fly'a folkehøgskole.

**Vi skal halde fram med utbygging av stiar og løyper i kommunen, og i lag med løypeforeiningane, idrettslag og næringslivet vurdere nye modellar for organisering og finansiering av drift av løypenettet.**

Vi arbeider med utkast til revidert sti- og løypeplan som skal legge rammene for utvikling og utbygging av sti- og løypenettet i åra som kjem. Utkastet til plan er drøfta i kommunestyrekomiteen, og komiteen har kome til at det vil vera behov for nokre lengre tidslinjer for dette arbeidet enn det som planstrategien legg opp til.

**Vi skal i lag med idrettslaga og reiselivsnæringa utvikle Beitostølen stadion med sikte på å doble bruken av området gjennom heile året.**

Vi har inngått leigeavtale for areala på stadion med Beitostølen stadion AS som sikrar føreseielege ramme for utvikling av tilboda på stadion. Selskapet har presentert ein utviklingsplan for stadion, og kommunen har

vore inn med medfinansiering for gjennomføring av planen. Bruken av området har frå mars i periodar vore avgrensa grunn koronaen.


**Vi skal gå gjennom alle driftsområda med sikte på å redusere kostnadene i drifta, for å oppnå budsjettbalanse og handlingsreglane for kommunen for god økonomiforvaltning i åra framover, og samtidig arbeide for effektive, robuste og velfungerande tenester.**

Arbeidet med gjennomgang av alle driftsområda vart gjennomført i forkant av arbeidet med økonomiplan for 2022 – 2025. Økonomiplanen inneheld ikkje bruk av fond for å få balanse samla for planperioden og heller ikkje sparetiltak som ikkje er definerte. Arbeidet har ført til at økonomien til kommunen er meir i balanse, sjølv om handlingsreglane ikkje fullt ut er nådd.

## Utvikling i befolkning 4. Kvartal 2021

	2018	2019	2020	2021
<b>Folketal ved inngangen av kvartalet</b>	<b>3 221</b>	<b>3 208</b>	<b>3 229</b>	<b>3 236</b>
Fødde	20	34	32	25
Døde	33	30	34	29
<b>Fødseloverskot</b>	<b>-13</b>	<b>4</b>	<b>-2</b>	<b>-4</b>
Innvandring	29	32	31	41
Utvandring	13	17	35	17
Innflytting, innanlands	101	111	130	136
Utflytting, innanlands	120	109	126	141
<b>Netto innvandring og flytting</b>	<b>-3</b>	<b>17</b>	<b>0</b>	<b>19</b>
<b>Folkevekst</b>	<b>-13</b>	<b>21</b>	<b>-4</b>	<b>16</b>
<b>Folketalet ved utgangen av kvartalet</b>	<b>3 208</b>	<b>3 229</b>	<b>3 225</b>	<b>3 252</b>

### År



Tabellen frå kostra/SSB viser lågare tal for folkevekst enn folketalet ved inngangen og utgangen av året tilseier. Forskjellen på 11 er innbyggjarar frå Skjel etter grensejustering 1.1.2021.

### Utviklinga i lokalsamfunnet

Samfunnsdelen av kommuneplanen set opp følgjande hovudmål for lokalsamfunnsutviklinga:

1. Innbyggartalet skal haldast på dagens nivå og minst auke med 1% i året i gjennomsnitt.
2. Tal deltidsinnbyggjarar skal auke med minst 1 % i året.
3. Tal gjestedøgn skal doblast innan 2035.

I 2021 hadde vil følgjande måloppnåing for desse overordna måla:

Tema	Mål og måleparameter	Resultat
Tal innbyggjarar	Minst 1%, dvs minst 32 ny innbyggjarar	27
Tal deltidsinnbyggjarar	Minst 1%, dvs minst 46 ny hytter/fritidsleilegheiter	118
Tal gjestedøgn	20 000 nye gjestedøgn i året	13431

I 2021 auka tal innbyggjarar med 27. Det er litt under målsettinga om 32 nye innbyggjarar, men 2021 er eit av dei åra med høgast folkevekst sidan år 2000. Noko av årsaka er at kommunen etter grensejustering 1.1.2021 fekk 11 nye innbyggjarar (Skjel). Tal nye hytter/fritidsbustader med ferdigattest i 2021 var 118 (44 hytter og 74 leilegheiter). Målet om minst 47 nye hytter/fritidsleilegheiter i året vart difor nådd. For tal gjestedøgn har 2020 og 2021 som følgje av pandemien vore spesiell, med eit nedgang på tal gjestedøgn på omtal 60 000 frå 2019 til 2020. I 2021 auka tal gjestedøgn med vel 13 000 til 247 000 gjestedøgn i kommunen.

## Sentrale kapittel - Økonomisk utvikling og stilling

I dette kapitlet gjer vi greie for forhold som er viktige for å vurdere den økonomiske utviklinga og stillinga, og om den i vare tek den økonomiske handleevna over tid (jf. krav i kommunelova § 14-7, 2.ledd a). Vi omtaler driftsresultatet, investeringsregnskapet, fonda, finans- og gjeldsforvaltninga, kraftforvaltninga mv.

### KOSTRA hovudtal

#### Generelt om kostra-tala i årsrapporten

Kostra-tala i rapporten er henta frå SSB si publisering per 24.mars, men med egne berekningar for kommunen når det gjeld driftsresultat, driftsutgifter, arbeidskapital og fri egenkapital drift, etter at kommunen korrigerer regnskapet etter denne kostra-publiseringa.

Ein del av tala er for "kommune-konsern" (inkl.del av internkommunale samarbeid og IKS), og dei kan difor avvike litt frå utrekna indikatorar for kommunen utan "konsern".

Kostra-tala som er teke med i årsrapporten er justert med utgiftsbehov og deflator. Det betyr at tala blir meir samanliknbare for kommunen over år, då alle tal blir justert til 2021-tal. Utgiftsbehovet seier noko om kor mykje ei kommune, eller ei teneste i ei kommune, kostar å drive, samanlikna med andre kommunar. Ei kommune med høgt barnetal, vil naturleg nok ha større utgifter til barnehagar og skuler enn gjennomsnittet. Dei vil difor få eit større utgiftsbehov til desse tenestene enn ei kommune med lågt barnetal. Det er denne korrigeringa staten bruker for å rekne ut rammetilskotet. Det er også denne korrigeringa analysen bruker for å samanlikne faktisk bruk mellom kommunane. På denne måten kan vi samanlikne kommunar sjølv om dei ikkje er like i høve demografi mv.

Kommunane kan korrigerer kostra-rapporteringa gjennom våren, slik at kostra-tala som er med per 24.mars ikkje nødvendigvis er korrekte.

Kostra-tala er kommentert nedanfor under kapitla "Vurdering av driftsresultatet for kommunen", "Disposisjonsfond" og "Finans- og gjeldsforvaltning".

### Sentrale KOSTRA-indikatorer

	Øystre Slidre 2020	Øystre Slidre 2021	Kostragruppe 04 2021	Landet uten Oslo 2021
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-1,4 %	3,4 %	2,8 %	2,9 %
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	1,2 %	6,3 %	4,0 %	4,2 %
Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	59,0 %	25,0 %	13,4 %	14,3 %
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	32,3 %	34,6 %	20,6 %	23,0 %
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktelser i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	148,4 %	126,0 %	99,3 %	114,9 %
Netto renteesponering i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	49,1 %	21,7 %	45,9 %	49,8 %
Langsiktig gjeld ekskl. pensjonsforpliktelser Beløp per innbygger (kr)	165 766	157 012	110 739	111 295
Avdrag (netto) Andel av brutto driftsinntekter (prosent)	5,1 %	4,9 %	3,5 %	4,0 %

	Øystre Slidre 2020	Øystre Slidre 2021	Kostragruppe 04 2021	Landet uten Oslo 2021
Fri egenkapital drift Andel av brutto driftsinntekter (prosent)	14,1 %	13,1 %	11,3 %	13,7 %
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	127,3 %	99,8 %	79,4 %	92,7 %
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger *)	116 062	118 835	108 458	94 123
Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger *)	114 702	124 602	111 561	96 899
Frie inntekter i kroner per innbygger *) **)	59 158	62 954	62 373	63 043
Netto lånegjeld i kroner per innbygger *)	146 038	124 406	88 561	89 857

\*) Inflasjonsjustert med deflator\*\*) Justert for utgiftsbehov

## Totaloversikt økonomi

Beløp i 1000

	Regnskap ifjor	Opph. bud.	Rev.bud.	Rekneskap	Avvik i kr
Sum generelle driftsinntekter	-236 234	-245 737	-255 400	-260 638	5 238
Avskrivninger	22 530	22 400	22 400	26 467	-4 067
Motpost avskrivninger	-22 530	-22 400	-22 400	-26 467	4 067
Netto finansutgifter	13 335	20 402	16 602	14 891	1 711
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	5 366	686	-5 535	13 304	-18 839
<b>Til disposisjon</b>	<b>-217 533</b>	<b>-224 649</b>	<b>-244 333</b>	<b>-232 443</b>	<b>-11 890</b>
Politisk leing og kontrollorgan	3 161	2 804	3 727	2 433	1 294
Rådmannen felles	3 181	3 934	3 989	1 955	2 035
Stab	12 876	16 598	16 374	15 954	420
Felles opplæring og kultur	5 228	6 135	6 099	5 319	780
ØSUS	15 097	13 685	13 686	12 058	1 628
Rogne skule	15 363	12 918	13 072	13 969	-897
Lidar skule	13 725	13 622	13 665	13 315	350
IIB Tingvang barnehage	2 298	-90	0	-3	3
Rogne barnehage	8 589	10 216	10 821	10 244	577
Beito barnehage	5 597	4 325	4 625	5 294	-668
Private barnehager	3 639	4 501	4 501	4 757	-256
Kulturavdelinga	9 764	8 832	9 113	9 115	-1
Flyktningetenesta	3 295	5 825	5 828	4 416	1 412
Felles helse og omsorg	25 193	24 630	28 431	30 417	-1 987
Helse og tilrettelagde tenester	15 087	14 359	10 779	10 555	224
Førebygging og meistring	0	0	28 291	28 376	-85
Institusjonstenester	50 290	48 708	29 492	29 683	-191
IIB Tilrettelagde tenester	14 338	15 607	17 463	16 482	981
Felles tekniske tenester	0	0	0	11	-11
Teknisk drift	20 177	18 641	31 713	29 960	1 753
Næring plan og byggesak	15 562	12 190	15 747	10 847	4 900
Kraftforvaltning	-11 081	-7 972	-13 862	-12 027	-1 835
Ramme og skatt	-4 267	-822	0	0	0
Renter og avdrag	-2	0	0	-4	4
Interne finansransaksjoner	-9 576	-3 997	-9 221	-10 681	1 460
<b>Sum disponering</b>	<b>217 533</b>	<b>224 650</b>	<b>244 333</b>	<b>232 443</b>	<b>11 890</b>
<b>Merforbruk +/mindreforbruk -</b>	<b>0</b>	<b>1</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Vær merksam på rekneskapoversiktene viser tal i denne rekkefølga: Regnskap i fjor (2020), Opph.budsjett, Rev.budsjett, Rekneskap (2021).

## Budsjettavvik drift - oversikt område

### Kommentar til inntekter og utgifter og budsjettavvik på sentralt område

#### Sum generelle inntekter

Sum generelle inntekter vart vesentleg høgare enn tidlegare og budsjettert; 24.404` høgare enn året før, og 5.238` høgare enn regulert budsjett. Dette skuldast at skatteinntekter og overføringar frå staten vart rekordhøge, og auka også heilt på slutten av året. Dette var tilfellet for heile landet. KS har presisert at den auka skatteinngangen er eingongsinntekter.

Nærare spesifikasjon:

- Rammetilskot vart 10,271` høgare enn året før og 3.204` høgare enn regulert budsjett og KS-prognose per august. Tala inkluderer enkelte av overføringane for korona, og inntektsutjamning på slutten av året (2.598`) som følgje av svært god skatteinngang på landsbasis.
- Skatteinntekter vart 10.289` høgare enn året før og 196` høgare enn regulert budsjett.
- Integreringstilskott vart 5.908`, og 1.040` høgare enn budsjettert, grunna samansetjing av flyktningane vi har motteke. Meirinntektene er ikkje nytta i 2021, og er avsett til eit eige flyktningfond under kommunens frie driftsfond, til finansiering av utgifter for flyktningane for perioden etter at tilskot frå staten stoppar.
- Andre tilskott, 877` høgare enn budsjettert, bl.a. for korona.
- Konesjonsavgift 156` meir enn budsjett, men rentekompensasjon frå Husbanken 224` lågare.

#### Avskrivningar

Avskrivningar vart 4.067` høgare enn budsjettert. Avskrivning går i 0 i resultatet, ved at posten blir inntektsført att på eigen post før netto driftsresultat.

#### Netto finansutgifter:

Netto finansutgifter vart 1,5 mill. høgare enn året før, og 1,7 mill. lågare enn regulert budsjett. Det skuldast:

- Renteinntekter vart 142` høgare enn året før og 444` høgare enn regulert budsjett. Dette skuldast dels at renta vart litt høgare enn vi føresette og at kommunen har hatt noko meir innestående på bank.
- Utbytte vart 662` lågare enn året før og 131` høgare enn regulert budsjett. Det var ei omlegging til kvartalsvis etterskotsvis utbytte frå Eidsiva Energi/Innlandet Energi frå 2020, som gjorde at kommunen fekk delvis dobbelt utbytte i 2020. Difor har utbyttet gått ned att i 2021, men vart likevel høgare enn føresett pga. auka kraftprisar.
- Renteutgifter vart 465` lågare enn året før og 762` lågare enn regulert budsjett. Årsak er dels at det kan ha vorte overført meir renter til investering enn budsjettert, dels at kommunen låg etter med investeringane og tok opp lån seinare enn budsjettert.
- Avdrag på lån vart 1.576` høgare enn året før, og 364` lågare enn budsjettert. Mindreforbruket heng saman med at kommunen auka avdragstid på nytt lån til 40 år i tråd med avskrivningstida på bygga.


## Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond:

På sentralt område er det **netto avsett 19.030`meir enn regulert budsjett**, som følgje av mindreforbruket samla.

## Totaloversikt og budsjettavvik i tenestene


Nedanfor ser vi korleis løyvingane og regnskapsført netto bruk fordeler seg på dei ulike ansvarsområda i året.

Tal i 1000



Budsjettavika fordeler seg slik på dei ulike områda, og er forklart nærare under kap. "Tenestekområda i kommunen".

Positive til til høgre er mindreforbruk, negative til venstre er meirforbruk.



## Vurdering av driftsresultat for kommunen

### Brutto driftsinntekter:

Brutto driftsinntekter er vesentleg høgare i 2021 enn året før og tidlegare år. Det skuldast at skatteinntekter og overføringar frå staten vart rekordhøge. Dette var tilfellet for heile landet. Vår kommune hadde i tillegg noko høgare gebyrinntekter på VA og arealområdet.

Kommunens brutto driftsinntekter er høgare per innbyggjar enn kostragruppe 04 og landet utanom Oslo. Det har vore tilfellet også tidlegare år. Årsaka er i stor grad at det er mange hytteigarar i kommunen som bidreg inn med eigedomsskatt og kommunale avgifter.

Frie inntekter per innbyggjar ligg tett oppunder kostragruppa og landet utanom Oslo. I 2020 låg frie inntekter noko lågare og under samanliknbare grupper, noko som kan skuldast ulik klassifisering av ekstra tilskot for koronaen i 2020.

**Brutto driftsutgifter:**

Brutto driftsutgifter per innbyggjar auka i 2021 i forhold til 2020, og auka også dei to føregåande åra. Dei er og høgare enn kostragruppe 04 og landet utanom Oslo. Dei høgare utgiftene heng godt saman med at kommunen og har høgare inntekter enn snittet.

**Brutto driftsresultat:**

Brutto driftsresultat vart godt i 2021. Det var gode resultat generelt i heile kommune-Norge i 2021. Det er og tilfellet for vår kommune. Høge skatteinntekter og overføringar frå staten er den viktigaste enkeltårsaka, desse inntektene vart vesentleg betre enn føreset i statsbudsjettet.

Inntektene auka meir enn driftsutgiftene. Etter negativt brutto driftsresultat i 2020 og auka lån etter store investeringar, har kommunen forsøkt å betre den økonomiske handleevna. Resultatet til kommunen vart i 2021 betre enn snittet i kostragruppa og landet.

**Avdrag:**

Kommunen har høgare avdragskostnad (4,9% av brutto driftsinntekter) enn kostragruppe 04 og landet utanom Oslo (som ligg på 3,5%-4%). Dette kjem som følge av høgt investeringsnivå siste åra. Brutto investeringsutgifter i 2021 låg på 25% av brutto driftsinntekter (året før på 59%), medan det i dei andre gruppene ligg på rundt 14%.


**Netto driftsresultat:**

Økonomisk oversikt drift viser at netto driftsresultat for 2021 vart 24.596`. Det utgjør 6,3% av brutto driftsinntektene. Resultatet er betre enn i fjor og betre enn kostragruppe 04 og landet utanom Oslo, som ligg på 4-4,2%. Året før låg kommunen under snittet.

Årsaka er dei same som for brutto driftsresultat, men med fråtrekk for noko auka driftsutgifter og netto finansutgifter. På grunn av låge renter har ikkje netto finansutgifter auka så mykje som frykta.

Kommunen hadde mål om at netto driftsresultat skal ligge på over 3% av brutto driftsinntekter, jf. økonomiplan for 2021 (forord). Netto driftsresultat i 2021 låg godt over dette, og bidreg godt til å sikre den økonomiske handleevna til kommunen.

Netto driftsresultat har vore slik dei siste åra:



År	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	2,8 %	3,6 %	1,8 %	6,6 %	3,2 %	1,2 %	6,3 %
Handlingsregel	3,0 %	3,0 %	3,0 %	3,0 %	3,0 %	3,0 %	3,0 %
Brutto driftsinntekter (heile 1.000 kr)	279 486	290 345	298 949	333 002	342 616	349 617	387 355
Netto driftsresultat i 1.000 kr (regnsk eller budsj.)	7 901	10 452	5 381	21 978	10 964	4 306	24 596

## Koronaen (covid-19) og verknad på kommunens økonomi

Også 2021 har vore sterkt prega av koronasituasjonen.

Økonomisk har vi kome rimeleg greitt ut av koronaen. I 2021 har kommune motteke 6,6 mill.kr som kompensasjon for meirutgifter i samband med koronaen og vaksineringskostnader.


Det er ikkje kompensert for alle vaksineringsutgifter kommunen har hatt, på dette området manglar vi omlag 1,6 mill.

Kommunen har for ein stor del nytta eige fast personell til ekstraarbeidet knytt til korona. Det er vanskeleg å rekruttere og raskt få til effektive gode løysingar, utan å nytte tilsette som allereie arbeider i kommunen. Det har så langt vist seg at bruk av fast tilsette ikkje blir kompensert frå staten, då det ikkje har medført direkte meirkostnader. Kommunen erfarer at ekstraarbeidet har hatt store omkostningar for kommunen og tilsette,

ved noko slitasje på tilsette og etterskot med oppgåver. Mange tilsette har brukt mykje tid på korona-situasjonen og arbeid med beredskap og tiltak for å unngå smittespreiing, rapportering mv. Det har gått ut over andre oppgåver, som vi har måtta skyvd på i den grad det har vore mogleg. Det har og medført meirarbeid, og ført til noko meir- og overtid.

## Fri egenkapital drift

Tal i 1000



År	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Fri egenkapital drift i % av brutto driftsinntekter	26,1 %	27,0 %	26,0 %	24,2 %	17,8 %	14,6 %	13,1 %
Handlingsregel	12,5 %	12,5 %	12,5 %	12,5 %	12,5 %	12,5 %	12,5 %
Brutto driftsinntekter (heile 1.000 kr)	279 486	290 345	298 949	333 002	342 616	349 617	387 355
Fri egenkapital drift (heile 1.000 kr)	72 989	78 511	77 673	80 706	61 103	50 913	50 821

Tala ovanfor inkluderer disposisjonsfond, eiedomsskattefond til næring, flyktningfond og rekneskapsmessig mindreforbruk for kommunen (ikkje "konsern"). Tala avvik noko frå kostra nøkkeltala, som ikkje har med rekneskapsmessig mindreforbruk (tidlegare år), men har med konsern.

Kommunen sin samla frie egenkapital drift vart redusert med 92`i 2021, og på 50.821`. Fondet består per 31.12.2021 av disposisjonsfond eiedomsskatt på 2.093`, flyktningefond på 2.500`og andre disposisjonsfond på 46.227`(i hovudsak fond "kraftsal").

Summen av fri egenkapital drift utgjør 13,1% av brutto driftsinntekter. Dette er lågare enn i fjor (14,6%).

Kommunen ligg høgare enn snittet i kostragruppe 04 og litt lågare enn landet utanom Oslo (11,3% og 13,7%).

I økonomiplanen for 2021 går det fram at kommunestyret har lagt vekt på å sikre ein god og føreseieleg økonomi som gjev handlingsrom for å utvikle kommunen, og at det difor er eit mål for kommunen at sum av disposisjonsfonda skal utgjera minst 12,5% av brutto driftsinntekter. Dette målet er nådd per 31.12.2021.

Kommunen har no eit tilfredsstillande nivå på fri egenkapital drift.

## Finans-, gjelds- og kraftforvaltning

Nedanfor fylgjer rapportering for finans-, gjelds- og kraftforvaltning, i tråd med forskrift om finans- og gjeldsforvaltning § 8, og vurderingar mot grupper vi samanliknar oss med i kostra (jf. nøkkeltal vist i anna kapittel).

### Finansplasseringar:

Per 31.12.2021 har kommunen plassert midlar i:

**Bankinnskot** Kr 206.493` er plassert i Sparebank 1 Hallingdal og Valdres. Det er ikkje tidsbinding på bankinnskota. Hovudbankavtala er inngått for 5 år sidan, og vurderinga er at den har gjeve god avkastning, ut frå at likviditeten er plassert med svært låg risiko. Vi har hatt rentemargin på 0,25 %-poeng. Kommunen vurderer løpande kvar midla skal plasserast, der føremålet er låg finansiell risiko og høg likviditet, jf. finans- og gjeldsreglementet pkt. 2.

**Obligasjon** Kr 5 000` er plassert i DNB Markets. Kommunen får rente på 3 mnd Nibor + 1,5 %-poeng. Marknadsverdi per 31.12.2021 var 5.038`. Plasseringsbeløpet på 5 000` er uavhengig av kursutvikling sikra ved ordinær innfriing i 2022.

**Langsiktige strategiske plasseringar.** Kommunen har langsiktige aksjar og andelar med bokført verdi kr 52.000`, der målsetjinga med plasseringa primært har vore strategisk eigarskap, og ikkje finansiell vinning. Vi syner til spesifikasjon i note 5 til årsregnskapet. Kommunen har og langsiktige utlån til Valdres Energiverk AS på 20 000`. Det blir betalt renter av lånet i tråd med avtale og budsjett (6,7%). Dei langsiktige plasseringane er gjort etter politiske vedtak.

Det blir betalt utbytte frå Valdres Energi (1.500` i 2021 og 2020, 15% av kommunen sin bokførte verdi av aksjane). Det blir og betalt utbytte frå Innlandet Energi Holding AS /tidlegare Eidsiva Energi (1.411`i 2021, og

2.096` i 2020; 1.040` for 2019 og 1056` for tre kvartal 2020). Det vart i løpet av 2020 fastsett minimumsutbytte som blir KPI-regulert, og det er planlagt noko auke i utbytte framover. Bokført verdi på kommunen sin eigardel i Innlandet Energi Holding er 27.169`, jf. note 5, medan utbyttet i 2021 var 1.411`, som utgjør 5,2% avkastning.

### Lånegjeld:

Kommunen har ved utgangen av 2021 ei lånegjeld på kr 468.550`. Låna består av ordinære gjeldsbrevlån i Kommunalbanken, KLP Kommunekreditt, KLP Banken og Husbanken. Det vises til note 8 i årsregnskapet for 2021. Alle låna har flytande rente. Kommunen har ikkje sertifikatlån eller lån som forfell eller må refinansierast dei neste 12 månader.

Av Kostra ser vi at Øystre Slidre kommune si lånegjeld ligg godt over snittet i kostragruppe 04 og landet utanom Oslo. Det viser nøkkeltala både for langsiktig gjeld og netto lånegjeld, per innbyggjar og i prosent av brutto driftsinntekter, og avdrag på lån i prosent av brutto driftsinntekter. For eksempel er kommunen si netto lånegjeld per 31.12.2021 på 99,8% , medan kostragruppe 04 og landet utanom Oslo ligg på 86,4% og 93,3%. Lånegjelda heng saman med investeringsnivået, då det vesentlege av investeringane blir lånefinansiert. Gjelda auka i 2019 og 2020 i samband med utbygging av nytt helsetun og vidareutbygging innan vatn- og avløpssektoren. Vi ser av kostra at også brutto investeringsutgifter i 2021 prosent av brutto driftsinntekter (25%) og ligg over kostragruppe 04 og landet utanom Oslo (13,4%/14,3%).


Kommunen har auka avdragsplikter framover, er eksponert for renteauke, noko som kan gje større utfordringar med å balansere drifta i åra som kjem, jf. økonomiplan.

Kostra viser at kommunen si netto renteeksponering i 2021 har gått ned til 21,7% frå 49,1% året før. Eksponeringa er litt høgare enn i 2019 og tidlegare, men godt under snittet i kostra og landet. Netto renteeksponering gjev ein indikasjon på kor mykje av kommunen si renteeksponerte gjeld som er att etter at rentebærande likviditet er trekt frå, herunder gjeld til sjølvkostområda og gjeld med rentekompensasjon.-

I økonomiplanen for 2021 har kommunen fastsett langsiktige økonomiske handlingsreglar/mål, og at netto lånegjeld skal utgjera maksimalt 75% av brutto driftsinntekter, og netto lånegjeld for generaløkonomien (utanom sjølvkost) skal utgjera maksimalt 50% av brutto driftsinntekter.

*Netto lånegjeld* er definert som langsiktig gjeld (eksklusive pensjonsplikter) trekt frå totale utlån og unyttå lånemiddel. I totale utlån inngår formidlingslån og ansvarlege lån (utlån av egne midlar).

Nedanfor ser vi utviklinga i netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter samla og for generaløkonomien (utanom sjølvkostområda), opp mot målsetjingane som vart sett i økonomiplanen for 2021-.



År	2017	2018	2019	2020	2021
Brutto driftsinntekter	298 949	333 002	342 617	349 617	387 355
Netto lånegjeld totalt 31.12.	190 120	214 894	293 985	418 785	364 028
Netto lånegjeld generaløkonomien 31.12.	99 351	101 361	164 924	266 286	190 672
Lånegjeld totalt	249 145	237 745	362 965	492 929	468 550
Lånegjeld sjølvkost	90 769	113 533	129 061	152 499	173 356
Utlån (totale langsiktige)	26 839	22 326	21 803	21 639	21 475
Ubrukte lånemiddel 31.12.	32 186	525	47 177	52 505	83 047

Gjelda har gått ned i 2021 (med 24.379`), hovudsakeleg fordi kommunen i 2021 innfridde det midlertidige lånet på 91.875` som vart teke opp på slutten av 2020 i påvente av innbetaling av Husbank-tilskot for nye helsetunet.

Sjølv om total netto lånegjeld, på tross av nedgangen, ligg godt over handlingregelen (94% mot 75% av brutto driftsinntekter), er det gledeleg å sjå at kommunen igjen er nede på handlingsregelen når det gjeld lånegjelda for generaløkonomien (utanom sjølvkostområda) (49,2% mot mål på 50%).


## Kraftforvaltninga

Kommunen si kraftmengde på omlag 54,5 GWh blir seld på kraftbørsen. Vi nyttar ekstern kraftforvaltar. Kraftforvaltaravtalen var ute på konkurranse i 2018 og gjeld i 2019-2022. Største mengd (50-100%) blir prissikra med eit perspektiv på 1-3 år, for å ha ei føreseieleg inntekt og unngå dei største svingingane i marknaden. Det er opna for tilbakekjøp og ny sikring for inntil 10% av kraftmengda, for å kunne optimalisere inntekta. Forvaltar nyttar og moglegheitsrommet som ligg i å velja gunstigast tidspunkt for sal (natt/dag, tid på året mv.). Det blir sett ein budsjettpris årleg ut frå marknadssituasjonen på starttidspunktet kommunen vel. Dersom oppnådd pris blir lågare enn det, får forvaltar ikkje honorar for forvaltninga.

Endeleg kraftoppgjær for 2021 viser ein gjennomsnittleg oppnådd kraftpris på 44,8. Dette er den høgaste kommunen har oppnådd i løpet av dei siste 7 åra.

Statistikk viser at gjennomsnittleg spotpris i vårt område har variert mykje dei siste 17 åra, frå 9,8 (2020) til 75,81 øre (2021), samla sett gjennomsnittleg spotpris på 31,46. Gjennomsnittleg spot for dei siste 7 åra er 33,61, Øystre Slidre har i same perioden oppnådd ein gjennomsnittspris på 34,1, altså litt høgare.


Nedanfor ser vi ei oversikt over gjennomsnittleg spotpris i vårt område i perioden 2005-2021, og kommunen oppnådde pris i perioden 2015-2021.



Netto resultatet av kraftsal vart 0,9 mill. betre enn fjoråret og 1,9 mill svakare enn regulert budsjett. Inntektene var 7,9 mill. høgare på grunn av unormalt stor prisoppgang på kraft på hausten og ut året.

Kostprisen vart 5,5 mill. høgare, i all hovudsak gjaldt dette andelskrafta. Kostprisen for andelskrafta auka frå 2,9 til 7,9 mill., ifølge avrekning for 2021, som kommunen vart kjent med 8.april -22. Hovudårsak til auka sjølvkost hjå produsent er vesentleg auka grunnrenteskatt som følge av høgare marknadspisar på kraft.

Nedanfor viser vi utviklinga i kraftinntekter, kostpris/kraftkjøp og netto resultat dei siste fem åra (tal i 1.000 kr).



#### Vurdering i forhold til kommunens finans- og gjeldsforvaltningsreglement:

**Likviditet.** Delmål: Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet til å dekke løpande plikter.

Arbeidskapitalen er auka til 166.041 per 31.12.2021 (jf. note 1 til årsregnskapet). Kommunen hadde 83.047` i ubrukte lånemiddel som står på bankkonto. Midla skal nyttast til investeringar som var budsjetterte i 2021 og som blir gjennomført i 2022. Likviditet til drift (likvide midlar minus ubrukte lånemiddel til investering) er ca. 82.994`, omtrent som nivået i fjor. Vi vurderer at likviditeten per 31.12.2021 er god. Vi har likviditet til å betale løpande plikter ved forfall, og kunne tole uføresette likviditetsmessige utfordringar av noko omfang.

**Finansiell risiko.** Delmål: Ved forvaltning av likvide middel og middel for driftsføremål skal det leggast vekt på låg finansiell risiko og høg likviditet.

Vi har svært låg risiko på plassering av likviditeten, ved at tilnærma alt står på bankinnskott, og den delen som står i obligasjon har sikra hovudstol.

Også gjeldsplasseringa vurderer vi det er låg risiko knytt til.

**Avkastning på overskotslikviditet.** Delmål: Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei god og konkurransedyktig avkastning innanfor definerte krav til likviditet og risiko.

Kommunen har konkurranseutsett bankavtale og nye lån, og vurderer å ha konkurransedyktige vilkår. 5.000`er plassert i obligasjon med betre rente enn ordinære bankkonti. Vi har gjennom 2021 vald å halde dette uendra, av omsyn til likviditet, fleksibilitet og arbeidskapasitet.

Rentene har vore låge gjennom 2021, noko som medfører at det er låge renteinntekter på likvide midlar.

**Avkastning langsiktige aktiva.** Delmål: Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva skal gje ein god og langsiktig avkastning til akseptabel risiko.

Kommunen vurderer at det ikkje har vore vesentleg ledig driftslikviditet til langsiktig plassering i 2021. Kommunen har langsiktig strategisk utlån, der renta er langsiktig og vesentleg høgare enn marknadsrenta i 2021. Kommunen har og strategiske eigarpostar i bl.a. Valdres Energi og i Innlandet Energi Holding / Eidsiva Energi. Vi vurderer å ha god avkastning på plasseringa. Vi kan ikkje sjå vesentleg risiko med kommunen si langsiktige finansielle aktiva.

**Lågast mogleg totalkostnad for lån.** Delmål: Lånte middel skal over tid gje lågast mogleg totalkostnad innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko.

Låneopptak i året har i tråd med finans- og gjeldsreglementet vore gjort etter tilbod frå to moglege leverandørar. Rentene på dei eldre låna har ikkje vore særleg ulik renta på nye lån. Kommunen slo saman lån rundt nyttår. Vi vurderer å ha konkurransedyktig rente på låna.

Vi har flytande rente på låna, anten knytt til 3 mnd nibor, eller p.t. rente. Vurderinga vår er at det over tid gjev den lågaste renta, men vi blir meir eksponert for renteauke. Vurderinga har vore og er at vi har ei finansiell stilling med akseptabel risiko, og at det ikkje har vore tenleg å betale den "forsikringspremien" som ligg i å binde renta.

Det har vore låge renter gjennom 2021.

**Kraftinntekter.** Delmål: Kommunen sine kraftrettar skal forvaltast på ein måte som sikrar ei balanse mellom føreseielege inntekter og høgast moglege inntekter.

Vi vurderer at kraftforvaltninga sikrar ei god balanse mellom føreseielege inntekter og høgast moglege inntekter, ved at det er forholdsvis stor grad av prissikring, men samstundes noko fleksibilitet og moglegheit for optimalisering på ulike måtar. Det ligg og ei nedside for forvaltar som gjev dei incentiv til å arbeide aktivt for at prisen ikkje skal gå under budsjettert minstepris. Vi har sett bort forvaltninga, då vurderinga er at det er lønsamt for kommunen å samarbeide om denne forvaltninga med ein profesjonell aktør.

**Ikkje avvik i høve krav i finans- og gjeldsreglementet.**

Administrasjonen meiner det ikkje er avvik mellom krav i finans- og gjeldsreglementet og den faktiske forvaltninga.

## Premieavviket

Det akkumulerte premieavviket har vore på eit stabilt høgt nivå dei siste 7-8 åra, med ein auke siste året på nær 4,2 mill. kr.

Premieavviket er ein konsekvens av at reglane for kommunal rekneskapsføring seier at kommunen kan rekneskapsføre eit anna beløp (ein utrekna «netto pensjonskostnad») enn det som blir innbetalt. Intensjonen

med ordninga er at kommunane i sine rekneskap skal kunne fordele rekneskapsføring av reelle pensjonsutgifter over tid, for på denne måten å vere mindre sårbare for konjunktursvingingar.


Låg rente kombinert med relativt høge lønnsoppgjjer og auka forventningar til levealder, har ført til at premieavviket over tid har vorte betydeleg høgare enn det som var føresett då ordninga vart etablert. Difor er det gjort også gjort innstramningar i ordninga.

Det akkumulerte premieavviket (betalte, men ikkje rekneskapsførte kostnader) i KLP er på **26,1 mill. kr per 31.12.21**. Dette er om lag 1,8 mill. kr høgare enn prognosane. Hovudforklaringa på dette er at reguleringspremien vart betydeleg høgare enn føresett (om lag 6,6 mill. kr høgare). Årsaka til at reguleringspremien vart høg, kan delast i to:

- Pensjonsoppgjret vart ekstra godt i 2021 (stor auke i grunnbeløpet i folketrygda)
- Lønnsveksten vart høgare enn prognosane

Når premieavviket likevel berre vart 1,8 mill. kr høgare enn budsjettet, skuldast dette ein større bruk av premiefond enn budsjettet (om lag 5,2 mill. kr større).

Siste prognosar frå KLP tyder i retning av at det akkumulerte premieavviket vil bli noko redusert gjennom 2022.



## Investeringsregnskapet - kommentarar

Nedanfor fylgjer ei oversikt over investeringar per prosjektgruppe - regnskap, budsjett og budsjettavvik, og forslag til budsjettendring for 2022.

I denne oversikta ligg ev. prosjektinntekter saman med utgifter på prosjektet. I §5-5 bevilgningsoversikta ligg prosjektinntektene under eige område under investeringsinntekter, ikkje i sum investeringsutgifter. Rapportane er difor ikkje direkte samanliknbare.

Tal for rebudsjettering er positive dersom det er forslag om å auke ramma i 2022, negative ved forslag om å redusere ramma grunna meirforbruk i 2021.

Tal i 1.000

Prosj. Nr.	Prosjekt	Regnskap	Budsj (end)	Avvik	Kommentar	Forslag budsj endring 2022
<b>SUM</b>	<b>GRUNN FOR BUSTADFORMÅL (hovedpr.)</b>	<b>216</b>	<b>2 184</b>	<b>- 1 968</b>	<b>Sal av tomter over budsjett.</b>	<b>-</b>
32000	GRUNN FOR BUSTADFORMÅL (hovedpr.)	2 755	2 750	5	Innløysing av festetomter frå OVF	-
32001-99	Sal av tomter	- 2 539	- 566	- 1 973	Budsjettavvik skuldast at vi har seld meir tomter enn estimert i budsjettet (Klyppemyrhaugen i hovudsak, samt Solhauglie). Reduserer behov for låneoptak 2021.	-
<b>SUM</b>	<b>KOMMUNALE BYGG OG ANL. GEN.ØK. (hovedpr.)</b>	<b>- 59 767</b>	<b>- 52 670</b>	<b>- 7 097</b>	<b>Gjenstår restarbeid til 2022, i hovudsak nye helsetunet. Overfør restbudsjett til 2022</b>	<b>7 097</b>
34029	Øystre Slidre helsetun	- 62 508	- 57 875	- 4 633	Husbanktilskot 91.875` motteke, difor netto inntekt i 2021. Restarbeid gjenstår, herunder slutfaktura frå entreprenør, møbler, velferdsteknologi. Overfør restbudsjett til 2022.	4 633
34035	Utsmykking helsetunet	1 364	3 100	- 1 736	Fortset i 2022, overfør restbudsjett til 2022.	1 736
340xx	Andre bygg	1 377	2 105	- 728	Siste rest på ØSUS garderobar, lydkåk, og start på lydisolering kulturskulerom og Rogne barnehage utviding av garderobe. Overfør restbudsjett til 2022.	728
<b>SUM</b>	<b>KOMMUNALE VEGAR (hovedpr.)</b>	<b>7 516</b>	<b>7 759</b>	<b>- 244</b>	<b>Budsjettavvik gjeld bru Volbu. Bygging pågår, blir ferdigstilt våren 2022, det vil bli behov for tilleggsramme. Overfør restbudsjett til 2022</b>	<b>244</b>
34016	Asfaltering av kommunale vegar	1 045	1 000	45	Ferdig for 2021	-

Prosj. Nr.	Prosjekt	Regnskap	Budsj (end)	Avvik	Kommentar	Forslag budsj endring 2022
34026	Uteområder	1 734	1 759	- 26	ØSUS, Gapahuken, Tingvang, Brennebakkin. Fortset i 2022 (sjå saman med p 34042, med budsj.2022)	-
34011/44	Bruar på kommunale vegar / Volbu bru	4 737	5 000	- 263	Bygging pågår, ferdigst.vår-22. Prosjektet vil bli omlag 1 mill dyrare, men VA-del i prosjektet overstig dette og kan bli finansiert av budsjetttramma for VA.	244
<b>SUM</b>	<b>ANDRE INVESTERINGAR (hovedpr.)</b>	<b>15 606</b>	<b>17 000</b>	<b>- 1 394</b>	<b>Utsett kjøp tenestebilar til 2022, overfører budsjett til 2022</b>	<b>1 000</b>
30001	Tenestebilar	-	1 000	- 1 000	Vart utsett til 2022, overfører budsjett til 2022.	1 000
32500	Kjøp av grunn for næringsformål	16 318	16 500	- 182	Ferdig. Jf. KS-53/21. Kompensasjon for Skjel + utkjøp festetomt frå OVF,	-
34099/32501	Sal av fast eigedom (næringsformål)	- 712	- 500	- 212	Sal /innløysing av festetomter + sal tomt Raubrøtmoen.	-
<b>SUM</b>	<b>INFRASTRUKTUR B. MED NÆR.BIDRAG (hovedpr.)</b>	<b>8 473</b>	<b>11 090</b>	<b>- 2 617</b>	<b>Prosjekta fortset i 2022. Overfører restbudsjett til 2022</b>	<b>2 617</b>
35002	Skibru Beitestølsvegen	4 570	6 640	- 2 070	"Ferdig", men må etterspennast (eit år etter), og det gjenstår rekkverk. Overfører restbudsjett til 2022.	2 070
35004-10	Andre intrastruktur prosjekt	-	450	- 450	Tjednbakkvegen/fortau til Beistostølen Stadion, Finntøppvegen og skibru, Furustrand uteområde/gangveeg. Fortset i 2022. Herunder er Finntøppvegen ute på anbud. Overfører restbudsjett til 2022.	547
35011	Innløysing festeavtaler m bruk e-skattefond	3 903	4 000	- 97	Ferdig. Beitostølen skistadion og løypeområder.	-
<b>SUM</b>	<b>VA-UTBYGGING I BYGDA (hovedpr.)</b>	<b>22 436</b>	<b>19 800</b>	<b>2 636</b>	<b>Prosjekt fortset i 2022, overfører budsjett til 2022</b>	<b>- 2 636</b>
34504	VA Gullbakkvegen	7 809	-	7 809	I slutfase, ferdig våren 2022. Budsjettet er samlepost.	-
34534	VA Storefoss Nedrefoss	11 440	-	11 440	Gjenstår noko arbeid, sluttavregning ikkje utført. Budsjettet er på samlepost nedanfor.	-
34537	VA Røsshaugen	2 694	-	2 694	Ferdigstilt. Budsjettet er på samlepost nedanfor.	-
38000	VA UTBYGGING I BYGDA (hovedpr.)	493	19 800	- 19 307	Heranglie, Nordtorp-Hegge stavkyrkje, Gullbakkvegen fortset 2022. Samlebudsjettpost ligg her. Overfører budsjett (meirforbruk) ved å ta ned budsjettet på 2022.	- 2 636
<b>SUM</b>	<b>VA MINDRE ANLEGG ÅRLEG (hovedpr.)</b>	<b>935</b>	<b>-</b>	<b>935</b>	<b>Prosjekt fortset 2022, overfører budsjett til 2022</b>	<b>- 935</b>
38400	VA Mindre VA anlegg årleg (hovedpr.)	935	-	935	Herunder Postbergvegen/Beitohagin bustadfelt. Fortset 2022, overfører budsjett (meirforbruk) ved å ta ned budsjettet for 2022.	- 935

Prosj. Nr.	Prosjekt	Regnskap	Budsj (end)	Avvik	Kommentar	Forslag budsj endring 2022
<b>SUM</b>	<b>VA - HYTTEOMRÅDA (hovedprosjekt)</b>	<b>2 287</b>	<b>2 045</b>	<b>242</b>	<b>Overfør til 2022</b>	<b>- 242</b>
38500	VA - HYTTEOMRÅDA (hovedprosjekt)	464	245	- 245	Robølshøvda i hovudsak (ferdigstilt) + Gravfjellet - prosjektering i 2022. Overfør budsjett (meirforbruk) ved å ta ned budsjettet for 2022	- 242
38540	VA del ifbm skibru Beitestølvegen (hytteområde)	1 823	1 800	23	Ferdigstilt	-
<b>SUM</b>	<b>VA HØGDEBASSENG (hovedpr.)</b>	<b>- 96</b>	<b>200</b>	<b>- 296</b>	<b>Overfør del vedr.høgdebasseng til 2022</b>	<b>193</b>
34524	VA - Nordtorp	- 103	-	- 103	Kreditnotaer på sluttoppgjer VA Nordtorp, ferdigstilt.	-
38700	VA HØGDEBASSENG (hovedpr.)	7	200	- 193	Prosjektering pågår, overfør restbudsjett til 2022	193
<b>SUM</b>	<b>VA VASSVERK (hovedpr.)</b>	<b>197</b>	<b>-</b>	<b>197</b>	<b>Mellsenn, fortset 2022, overfør til 2022</b>	<b>- 197</b>
38820	VA - Mellsenn vassverk (Kollstad)	197	-	197	Utredningsfase / prosjektering, fortset 2022. Overfør budsjett (meirforbruk) ved å ta ned budsjett for 2022	- 197
<b>SUM</b>	<b>VA RENSEANLEGG (hovedpr.)</b>	<b>29</b>	<b>250</b>	<b>- 221</b>	<b>Nedrefoss, utsett til 2022, overfør budsjett til 2022</b>	<b>221</b>
38901	VA - Nye Nedrefoss RA forprosj.	29	250	- 221	Utredningsfase, fortset 2022	221
<b>SUM</b>	<b>AKSJER OG ANDELAR</b>	<b>734</b>	<b>1 000</b>	<b>- 266</b>	<b>Ferdig</b>	<b>-</b>
31002	Aksjer og andelar	984	1 000	- 16	KLP, B Fellesgoder og Innlandet Revisjon	-
39998	Sal av aksjar	- 250	-	- 250	Ferdig (Booking Service)	-
<b>SUM</b>	<b>EKSTRAORDINÆRT AVDRAG LÅN</b>	<b>91 875</b>	<b>91 875</b>	<b>-</b>	<b>Ferdig</b>	<b>-</b>
31008	Ekstraordinært avdrag lån	91 875	91 875	-	Nedbet midlertidig lån som vart teke i påvente av Husbanktilskot	-
<b>SUM</b>	<b>FINANSIERING</b>	<b>- 90 444</b>	<b>- 100 533</b>	<b>10 089</b>	<b>Overfør til 2022 - saldering</b>	<b>- 7 362</b>
39999	Mva-komp.investering	- 8 736	- 11 523	2 787		- 2 192
39999	Bruk av lån	- 54 958	- 62 260	7 302	Saldering finansiering	- 5 170
39999	Overføring frå driftsregnskapet	- 26 750	- 26 750	-		-
<b>SUM</b>	<b>T O T A L T</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>		<b>0</b>

## Organisasjon

### Rekruttering

Det vart til saman rekruttert inn 25 nye personar i faste stillingar gjennom 2021 (mot 45 året før). 36 personar (mot 26 året før) slutta i faste stillingar i løpet av året (turnover på om lag 11,3 %. Rekna i årsverk er turnover om lag 8,8 %).

### Sjukefråvær

Kommunen hadde i 2021 eit sjukefråvær på 9,6 %. Fordelt på område/kjønn er tala slik:

Sjukefråvær fordelt på område	2017	2018	2019	2020	2021
Opplæring og kultur	8,4 %	9,1 %	9,4 %	8,0 %	11,0 %
Helse og omsorg	8,9 %	12,2 %	11,0 %	12,6 %	10,8 %
Andre	7,4 %	5,4 %	7,3 %	6,7 %	5,1 %
<b>Totalt</b>	<b>8,4 %</b>	<b>9,6 %</b>	<b>9,6 %</b>	<b>9,5 %</b>	<b>9,6 %</b>


Sjukefråvær fordelt på kjønn	2017	2018	2019	2020	2021
Kvinner	9,6 %	11,1 %	10,9 %	10,6 %	11,3 %
Menn	3,3 %	3,7 %	4,3 %	5,0 %	2,9 %
<b>Totalt</b>	<b>8,4 %</b>	<b>9,6 %</b>	<b>9,6 %</b>	<b>9,5 %</b>	<b>9,6 %</b>

Det totale talet på 9,6 % er stabilt på nivå med de tre føregåande åra, men høgare enn gjennomsnittet i kommunen tidlegare år. Det er ein vekst i sjukefråværet i området for opplæring og kultur, men sjølv om sjukefråværet i helse og omsorg framleis er høgt, er talet for 2021 det lågaste på fire år. Utviklinga i Øystre Slidre gjennom dei siste 10 åra har vore slik:



Som tidlegare er det langtidsfråværet som utgjer hovudtyngda av sjukefråværet i kommunen.

Kroniske/alvorlege lidningar gjev stort utslag på statistikken:



Kommunen har rutinar for oppfølging av langtidssjukmeldte.


## Uføredel

Når sjukefråværet i Øystre Slidre er forholdsvis høgt, er det relevant å sjå på kor stor uføredelen er. Her viser tal/statistikk frå KLP at Øystre Slidre kommune framleis har ein låg uføredel, sjølv om denne auka litt gjennom 2021. Den låge uføreandelen kan vere ei delforklaring på det høge sjukefråværet i kommunen, då dette kan vere ein indikasjon på at kommunen klarer å legge til rette for arbeidstakarar med helseproblem slik at dei ikkje går over i uføretrygd.

## Uføredel i KLP-området utanom sjukepleiarar. Kjelde: KLP

## Uføreandel per årsverk

Kommuner og bedrifter




Denne statistikken viser ikkje sjukepleiarar (eiga ordning i KLP).

## Likestilling

Under gjer vi greie for den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling, og kva kommunen gjer for å oppfylle arbeidsgjevar sin aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringslova § 26 (jf. krav i kommunelova § 14-7, 2. ledd e og f).

Det er framleis eit relativt kjønnsdelt arbeidsmønster i kommunen.

Nøkkeltal kvinnedel per 31.12.2021	Nøkkeltal
Kvinnedel tilsette:	290 av 355 (81,7 %)
Kvinnedel årsverk:	80,5 %
Kvinnedel toppleiarar (tilsette):	1 av 3 (33,3 %)
Kvinnedel mellomleiarar (tilsette):	19 av 25 (76 %)
Kvinnedel mellombels tilsette (utan fast stilling, inkl. vikar):	17 av 19 (89,5%)
Kvinnedel deltidstilsette fast stilling (under 100%):	144 av 170 (84,7%)
Kvinnedel foreldrepermisjon 2021 (tal veker):	178 av 217 (82,0%)




Per desember 2020 hadde kvinner ei gjennomsnittleg regulativlønn på 90,3 % av gjennomsnittet for menn (i grunnlaget ligg om lag 260 årsverk):

	Desember 2020	Desember 2021
Snitt reg.lønn kvinner	491 705	509 100
Snitt reg.lønn menn	538 153	563 770
<b>Likelønnsprosent</b>	<b>91,4 %</b>	<b>90,3 %</b>

Tilsvarende tal for 2020 var 91,4 %, noko som betyr at Øystre Slidre kommune har hatt ei **negativ** likelønnsutvikling gjennom 2021.

Utviklinga har vore slik:



Etter to år med positiv likelønnsutvikling, er likelønnsprosenten no på eit lågare nivå enn i fjor, men likevel betre enn den var i 2017 og 2018.

Det er særleg innan kategorien «andre» det har vore ei negativ utvikling gjennom 2021. Dette er stillingar utan krav til høgskuleutdanning, i hovudsak fagarbeidarstillingar. Ei mogleg forklaring er at det har vore ein del nyttilsetjingar av kvinner med låg lønnsansiennitet (nyutdanna) siste år, med tilsvarande avgang av kvinner med høg lønnsansiennitet.

Når det gjeld negativ likelønnsutvikling i kategorien «mellomleiarar», er hovudforklaringa på dette at talet på mellomleiarar har auka som ein følge av omorganiseringar innan helse og omsorg.


### Tiltak (diskriminering/likestilling)

Kommunen har i sine lønnspolitiske retningslinjer eit eget kapittel om likelønn. Kommunen er bevisste på å kalle inn søkjarar på intervju basert på kvalifikasjonar, og har dei siste åra m.a. tilsett ein kvinneleg driftsoperatør og fleire medarbeidarar av utanlandsk opphav, også i administrative stillingar. Likebehandling er ein viktig verdi i kommunen, og har vore gjenstand for drøftingar både på politisk og administrativt nivå også i 2021. Kommunen har ein liberal praksis når det gjeld moglegheiter for mellombels redusert arbeidstid i periodar med omsorg for små barn. Det vart tilsett ein kvinneleg kommunalsjef i 2021. Det er ikkje konkrete planar om nye tiltak.

## Arbeidstid/deltid

Øystre Slidre kommune har fokus på deltidspromblemattikk. Gjennomsnittleg stillingsprosent (fast tilsette) har utvikla seg slik (status per 31.12 kvart år):

### Utvikling deltid (stillingsprosent) fordelt på kjønn



Det har vore ei svært gledeleg utvikling gjennom 2021 på dette området. Gjennomsnittleg stillingsprosent blant kvinner er no på eit historisk høgt nivå.

For kvinner er endringa fordelt slik (på område):

Område	2020	2021
Opplæring og kultur	86,45	89,58
Helse og omsorg	61,91	65,15
Andre	77,43	86,00
<b>Totalt</b>	<b>74,25</b>	<b>78,02</b>

I turnusyrke er dette ei kompleks problemstilling, der krav til bemanning på helg vil medføre at stillingsutvidingar vil utløse fleire reine helgestillingar (små delstillingar), dersom det ikkje samstundes blir gjort noko med arbeidstidsordningane.

Det er frå innflytting i nytt helsetun i 2021 gjort avtale med organisasjonane om mellombels unntak frå arbeidsmiljølova, med innføring av langvakter på helg (14-timersvakter) for dei som ynskjer det. Dette har gjort det mogeleg å tilby høgare stillingar (mellombels) for dei tilsette som ynskjer det.

Dette grepet gjev likevel ikkje utslag på statistikken over, då det i statistikken er teke utgangspunkt i *faste* stillingar. **Om vi tek omsyn til dei mellombelse stillingutvidingane, er gjennomsnittleg stillingsstorleik for kvinner i helse- og omsorgssektoren betydeleg høgare (70,18 %).**

Øystre Slidre kommune praktiserer elles deltidstilsette sin rett til stillingsutviding, gjennom å lyse ut ledige faste stillingar internt i samsvar med føresegnene i Hovudtariffavtalen. Der det blir vurdert som føremålstenleg, opnar kommunen for å dele stilling (at deltidstilsette kan søkje på dei delane av den ledige stillinga som let seg kombinere med eksisterande stilling).

## Etisk standard

Under gjer vi greie for tiltak som er sett i verk eller er planlagt sett i verk for å sikre ein høg etisk standard (jf. krav i kommunelova § 14-7, 2. ledd, bokstav d).

Kommunen har retningslinjer for mishald, og kommunen sine varslingsrutinar er av ganske ny dato (2018).

Likebehandling og habilitet er viktige verdiar i kommunen, og har vore gjenstand for drøftingar både på politisk og administrativt nivå også i 2021.

Det vart i 2021 sett i gang eit arbeid med nye etiske retningslinjer, som etter planen skal kommunestyrebehandlast i mai 2022.

## Internkontroll

Kommunen sitt elektroniske internkontrollsystem er under stadig utvikling, og inneheld:

- Reglement/rutinar/prosedyrar (923 dokument per mars 2022. Dette er 116 fleire enn året før)
- System for ROS-analyser
- System for avviksmeldinger/-handtering (inkl. ulykker/nestenulykker)
- System for varsling

Det vart i løpet av 2021 meldt om 126 avvik. Dei siste fem åra har talet på avvik variert slik:

År	Tal avvik
2017	98
2018	140
2019	114
2020	138
2021	126

Det vart gjennomført ei opplæringsrunde på internkontrollsystemet i fleire delar av verksemda i 2021.

Det vart ikkje rom for å gjennomføre den varsla systematiske gjennomgangen av rutinane (systematisering og kartlegging av ev. manglande rutinar/risikoanalyser) i 2021, hovudsakleg grunna koronaen. Dette er planlagt gjennomført i 2022.

## Miljø

I kommuneplanen sin samfunnsdel heiter det at *"Me skal sikre kvalitetane i naturen for oppleving, næring og utvikling, og tenkje klima og miljø i alt me gjer. Me skal styrke nasjonalparkkommunesatsinga, noko som er positivt både for næringslivet, innbyggjarane og deltidsinnbyggjaren. Utbyggingsgrensene i fjellet og i stølsområda skal stå fast. Gjennom god og styrt tilrettelegging skal me skjerme sårbare områder og redusere eit eventuelt konfliktnivå. Me skal vere i forkant av den grønne omstillinga og klimamåla for 2050, og legge særleg vekt på arbeidet gjennom satsinga Klima+."* Vi etablerte i 2020 prosjektet Klima+ og arbeida med å omstille hyttenæringa til ei meir klima- og miljøvenleg næring. Kommunen vart miljøsertifisert i 2021.



## Kommunen sine tenesteområde

### Rådmannen - fellesområde

#### Status økonomi

Beløp i 1000

Virksomhet	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2020	2021	2021		
100-Politisk leiing og kontrollorgan	3 161	2 433	3 727	1 294	34,7 %
110-Rådmannen felles	3 181	1 955	3 989	2 035	51,0 %
120-Stab	12 876	15 954	16 374	420	2,6 %
800-Kraftforvaltning	-11 081	-12 027	-13 862	-1 835	-13,2 %
900-Ramme og skatt	-4 267	0	0	0	0,0 %
910-Renter og avdrag	-2	-4	0	4	0,0 %
950-Interne finanstransaksjoner	-9 576	-10 681	-9 221	1 460	15,8 %
<b>Sum</b>	<b>-5 708</b>	<b>-2 370</b>	<b>1 007</b>	<b>3 378</b>	<b>335,3 %</b>

#### Kommentar til status økonomi

Området viser samla mindreforbruk på 3.378`, som i hovudsak gjeld:

- 1.460` i mindreforbruk på pensjon.
- 817` meirinntekter ved finansiering ved bruk sjølvkost-fond.
- 717` i mindreforbruk på interkommunale tenester (IKT V mm.)
- 492` i mindreforbruk på lønnsvekst og andre lønnsreservar.
- 1.727` i mindreforbruk for unytta løyvingar m.a. på avgifter, lisensar og konsulenttenester (414`), Kommunerevisjon (390`, bidraget var avsett for i 2020), politisk aktivitet og kontroll (396`, i hovudsak grunna koronaen og mindre aktivitet), uspesifisert løyving koronautgifter (500`).

Budsjettavvik for dei enkelte ansvarsområda under rådmannen felles er nærare spesifisert nedanfor.

Politisk leiing og kontrollorgan - mindreforbruk 1.294`, som skuldast:

- Unytta løyving til politisk styring pga redusert møte-, kurs- og skyssaktivitet, totalt 191`.
- Unytta løyving til kontroll og revisjon, totalt 542`. Av dette er 390` løyving for avslutning av Kommunerevisjon IKS, som vart avsett for allereie i 2020-regnskapet.
- Unytta løyving for korona, 500`
- Andre unytta løyvingar, 53`

Rådmannen felles - mindreforbruk 2.035`, som skuldast:

- Inntektsføring av sjølvkostfond på 1.128`, som ikkje vart budsjettert her. Posten må sjåast saman med inntektsføring av sjølvkostfond på stab-områda. Samla er det inntektsført 817` meir frå sjølvkostfond enn budsjettert. Bakgrunnen for finansiering frå sjølvkost er at tilsette under rådmannen har arbeida med sjølvkostområda, og at indirekte /felleskostnader er ført her og fordelt med ein del til sjølvkostområda. Det er ikkje tilsvarande mindreinntekt på sjølvkost i økonomiplanen for 2022, der vart det gjort ei meir oppdatert vurdering.
- Unytta løyvingar til lønnsvekst og anna lønn, totalt 346`.

- Unytta løyvingar til avgifter og lisensar og konsulenttenester, totalt 414`.
- Mindreforbruk 146` på ressursenter for fjellandbruk Løken, fordi heile inntekta er ført her, medan nokon kostnader er belasta frå stab (felleskostnader fordelt).

Stab - mindreforbruk 420` samla, dei største avvika gjeld:

- Mindreforbruk på interkommunale tenester stab. IKT Valdres 517`, som følge av redusert fakturering frå IKT Valdres grunna reduserte kostnader, jf. årsrapporten til IKT V. Tilbakebetalt for skatteoppkrever, 41`. Det vart avsett feriepengar og arbeidsgjevaravgift for Skatteoppkreveren før overtaking av staten, men Skatteetaten sa nei takk til pengane. Dei vart inntektsført att av Nord Aurdal og tilbakeført til kommunane.
- Meirinntekter på 417`. Økonomiavdelinga har variable inntekter for arbeid Valdres Brann og Redningsteneste, Infoland, Ambita, samt purregebyr mv. Inntekta var nær like høg i 2020. Budsjettet har ikkje vorte auka fordi avdelinga har hatt ambisjon om å redusere omfang timar for bl.a. VBR.
- Det er meirforbruk på lønn økonomiavdeling grunna ekstraarbeid og etterslep på oppgåver.
- Inntektsført mindre frå sjølvkostfond her enn budsjettert, meirforbruk på 311`. På stab er det ført felleskostnader som er fordelt med ein del til sjølvkostområda sine funksjonar, og finansiert med sjølvkostfond.
- Meirforbruk på lærlingverksemd; lønn 96`, og mindre inntekt refusjon 410` som ikkje er ført før i 2022.


Kraftforvaltning - netto mindreinntekt på 1.835`.

- Resultatet vart svakare enn revidert budsjett. Vi viser til omtalen av kraftinntekter under punkt om "Finans-, gjelds- og kraftforvaltning".

Interne finanstransaksjonar (pensjon) - mindreforbruk 1.461`. Nærare om pensjon som er ført sentralt under rådmannen felles:

- 5,6 mill.meir bruk av premiefond i KLP enn budsjettert. Kommunane fekk i samband med pensjonsreforma tilbakeført mykje av tidlegare innbetalt premie til premiefond. Kommunen valde i 2021 å nytte 5,6 mill.meir frå premiefond enn budsjettert til å betale årets pensjonspremie. Slik bruk blir inntektsført i kommuneregnskapet på eige område sentralt.
- I tillegg vart premieavvik inntektsført 1,5 mill. høgare enn budsjettert.
- Som motsats fekk kommunen høgare reguleringspremie i 2021 enn opprinneleg føreset (auka løyving med 5,2 mill.).

## Status måltabell

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse delmål	Indikator	Ønska resultat 2021	Oppnådd resultat
<b>Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggerane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.</b>	Alle: Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen.	Kommunen sitt elektroniske internkontrollsystem er under stadig utvikling, og det har vore gjennomført opplæring i store deler av verksemda gjennom 2021. Det blir elles vist til eget kapittel "Internkontroll" i denne årsrapporten.	Ubehandla avvik	0	
	Alle: Kommunen skal effektivisere drifta. Dette for å oppnå budsjettbalanse i åra framover utan å tære på disposisjonsfond, samt halde seg innanfor kommunens økonomiske handlingsreglar.	Det har vore ført ei forholdsvis stram drift i 2021 og byrja på enkelte effektiviseringstiltak.	Gjennomført	5 000,00	24 000,00 
	Alle: Sjukefråværet på einingane og graden av uføre skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane for tilsvarande tenester.	Sjukefråværet er truleg noko høgare enn gjennomsnittet for kommunal sektor, men vi har ikkje tilgang til konkrete tal som viser dette. Det vi ser er at sjukefråværet dei siste åra har vore noko høgare enn det som har vore gjennomsnittet i denne kommunen tidlegare år. Uføregarden er framleis en god del lågare enn gjennomsnittet i kommunal sektor. Det blir elles vist til eigne kapittel om sjukefråvær og uføredel.			
	Alle: Vi skal ikkje ha negative budsjettavvik for dei ulike tenestoområda i kommunen.	Tenestoområda samla er innanfor budsjett.	Innanfor budsjett	100,0 %	100,0 %

## KOSTRA Nøkkeltal

### Kostra-analyse

	Øystre Slidre 2020	Øystre Slidre 2021	Kostra- gruppe 04	Landet uten Oslo
<b>Prioritet</b>				
Administrasjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	2 060	6 157	5 054	4 483
Kontroll og revisjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	449	180	218	132
Politisk styring brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)	469	456	608	429

\*) Inflasjonsjustert med deflator

\*\*) Justert for utgiftsbehov

Kommunen har høgare administrative utgifter enn fjorår og snittet i Kostra. Det er mykje skjønn knytt til kva som skal fordelast ut på tenestefunksjon og kva som skal ligge på administrasjon, og praksis varierer mykje mellom kommunane. I 2020 rapporterte vår kommune lågare administrasjonsutgifter enn året før og samanliknbare grupper, hovudsakeleg ved at IKT-utgifter vart fordelt i si heilheit. Etter nærare vurdering av kostra-veileder for 2021 er IKT no fordelt ut med 50%, medan resten ligg på administrasjon.

Kommunen har i 2021 brukt mindre til kontroll og revisjon enn gjennomsnittet i kostragruppe 04, men meir enn landet utanom Oslo. Talet er mykje ned frå 2020, då vi i 2020 hadde ekstraordinært høge kostnader på området i samband med nedlegging av Kommunerevisjon IKS.

Kommunens utgifter til politisk styring gikk litt ned i 2021 og 2020, som vi må rekne med har sin hovudårsak i koronaen. Kommunen ligg på eit normalt nivå om ein ser på gruppene kommunen samanliknar seg med.



## Opplæring og kultur

### Status økonomi

Beløp i 1000







Virksomhet	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2020	2021	2021		
200-Felles opplæring og kultur	5 228	5 319	6 099	780	12,8 %
211-ØSUS	15 097	12 058	13 686	1 628	11,9 %
212-Rogne skule	15 363	13 969	13 072	-897	-6,9 %
215-Lidar skule	13 725	13 315	13 665	350	2,6 %
231-IIB Tingvang barnehage	2 298	-3	0	3	0,0 %
232-Rogne barnehage	8 589	10 244	10 821	577	5,3 %
236-Beito barnehage	5 597	5 294	4 625	-668	-14,4 %
238-Private barnehager	3 639	4 757	4 501	-256	-5,7 %
250-Kulturavdelinga	9 764	9 115	9 113	-1	0,0 %
280-Flyktingetenesta	3 295	4 416	5 828	1 412	24,2 %
<b>Sum</b>	<b>82 594</b>	<b>78 483</b>	<b>81 410</b>	<b>2 928</b>	<b>3,6 %</b>

### Kommentar til status økonomi

Opplæring og kultur viser samla eit mindreforbruk på 2.928`, som kan forklarast slik:

- Felles opplæring og kultur - mindreforbruk på 780`.  
Avviket skuldast bl.a. at det vart gjeve ei løyving for korona og tapte inntekter, som det ved utgangen av året viste seg at det ikkje var behov for.
- Skuler - mindreforbruk samla på 1.081`.  
Noko av mindreforbruket i skulen skuldast høgare refusjonsinntekter enn det vi har brukt på løn. Dette mellom anna fordi det har vore eit krevjande år å få inn nok vikarar.
- Barnehagar har meirforbruk på 344`.  
Meirforbruket i barnehagane skuldast hovudsakleg at utgifter til innkjøp av mat ikkje var budsjettert i 2021. I tida der vi hadde store smitteverntiltak, var matpakke eit av tiltaka. Barnehagen starta oppatt med å servere mat hausten 2021, og da kom det også større utgifter innan mat.  
Ein anna årsak er at vi har bemanna opp når det har kome fleire barn i barnehagane for å halde lovkrav om bemanning, utan at budsjettert er endra tilsvarende.
- Flyktingetenesta, mindreforbruk på 1.412`, knytt til:  
Introduksjonsstønad 1.928` i mindreforbruk, som følgje av mottak av nye flyktingar seint i året, og permisjon med påfølgande utsett opplæring og introduksjonsstønad.  
Meirforbruk på andre utgifter med samla 754` (ekskl.mva), fyrst og fremst skyss kommunale brukarar, inventar og utstyr og konsulenttenester.  
Tilskot frå staten til norskopplæring mv.vart 231` høgare enn budsjettert.  
Mindreforbruk på flyktingetenesta er sett av til eige flyktingfond under frie driftsfond, for å bygge opp reserve til finansiering av utgifter kommunen har til flyktingane etter at inntektene frå staten stoppar.
-

## Status måltabell

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse delmål	Indikator	Ønska resultat	Oppnådd resultat 2021
Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggerane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.	Alle: Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen.	Rutiner og planar ligg i Compilo og avvikssystemet er i bruk i alle tenestene.			
	Alle: Sjukefråværet på einingane og graden av uføre skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane for tilsvarande tenester.	Viser til rådmannen - fellesområde si beskriving av måloppnåing for heile kommunen	Sjukefråvær	7,8 %	
	Alle: Vi skal ikkje ha negative budsjettavvik for dei ulike tenesteområda i kommunen.	Tenestene er samla innanfor budsjett.	Innanfor budsjett	100,0 %	100,0 %
	Opplæring og kultur: Alle barnehageforeldre skal oppleve å bli tatt imot, å bli ivareteke på ein god måte i kvardagen og få vidareutvikle foreldrekompetansen.	Tilbakemeldinga frå heimane til barnehagane har vore gode, men det er ikkje gjennomført foreldreundersøking som kan stadfeste det.			
	Opplæring og kultur: Alle elevar skal ha eit godt, trygt og inkluderande læringsmiljø.	Elevundersøkinga viser at dei aller fleste elevane trivst, men at det er nokon som melde om at dei ikkje trivst på skulen i noko særleg grad. Nokon elevar oppleve mobbing. Svar i elevundersøkinga som omhandlar trivsel og mobbing ligg på landsgjennomsnittet.	Elevunders. 10. trinn - Elevdemokrati og medvirkning	3,0	
		Elevunders. 10. trinn - Felles regler	3,6		
		Elevunders. 10. trinn - Læringskultur	4,0	3,5	
		Elevunders. 10. trinn - Mobbet av andre elevar på skolen	1,6		
		Elevunders. 10. trinn - Trivsel	3,7		
		Elevunders. 7. trinn - Elevdemokrati og medvirkning	3,4		
		Elevunders. 7. trinn - Felles regler	4,1		

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse delmål	Indikator	Ønska resultat 2021	Oppnådd resultat
			Elevunders. 7. trinn - Læringskultur	3,8	
			Elevunders. 7. trinn - Støtte fra lærerne	4,1	
			Elevunders. 7. trinn - Trivsel	3,8	
	Opplæring og kultur: Alle ungene i barnehagen skal ha minst ein å vera i lag med.	Det blir arbeidd målretta i det daglege for å oppnå målsettinga.	Sosiogram - løpende observasjon		
	Opplæring og kultur: Auke aktiviteten i Tingvang kulturarena for unge og vaksne gjennom konsertar, debattar, standup, foredrag mv.	På grunn av eitt år med strenge smitteverntiltak, har det ikkje vore muleg å arrangere tilstellingar med mange i publikum. Det har vore stor aktivitet i Lydkåken med nærmare 2000 øvingstimar i 2021 og 44 aktive medlemmar. LANarrangement har vore fullbooka.			
	Opplæring og kultur: Barnehagane skal gjennomføre kompetansehevingstiltak for alle tilsette.	Det er gjennomført systematisk kompetanseheving for alle tilsette i barnehagane. Dette er eit regionalt arbeid i samarbeid med Høgskulen Innlandet.	Kompetanseheving 90,0 %		
	Opplæring og kultur: Elevane skal ha ei god fagleg utvikling.	Resultatata vise god fagleg utvikling mellom 8. og 9. klasse.	Nasjonale prøver 8. trinn: Lesing	52,0	
			Nasjonale prøver 8. trinn: Regning	47,0	
			Nasjonale prøver 9. trinn: Lesing	56	
			Nasjonale prøver 9. trinn: Lesing, mestringsnivå 1		
			Nasjonale prøver 9. trinn: Regning	54	
			Nasjonale prøver 9. trinn: Regning, mestringsnivå 1		
	Opplæring og kultur: Kvar ped-leiar skal årleg dele sin kunnskap med andre tilsette i barnehagen på avdelingsmøte.	Dette blir gjennomført.	Kompetansedeling 90,0 %		

## KOSTRA Nøkkeltal

### Kostra-analyse

	Øystre Slidre 2020	Øystre Slidre 2021	Kostra- gruppe 04	Landet uten Oslo
<b>Prioritet</b>				
Andre kulturaktiv. og tilsk. til andres kulturbygg brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *	409	359	530	467
Barnehage netto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde andel av totale utgifter (prosent)	8,3 %	8,8 %	9,7 %	12,2 %
Barnehage nettodriftsutgifterandel av totale utgifter (prosent)	9,6 %	10,1 %	11,7 %	14,4 %
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (215) Skolefritidstilbud (B) *) **)	277	339	569	895
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner *)	2 068	1 762	2 495	2 670
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223) i prosent av samlede netto driftsutgifter	26,0 %	24,5 %	22,4 %	23,0 %
Netto driftsutgifter kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	2,7 %	2,4 %	3,3 %	4,1 %
Netto driftsutgifter per innbygger (231) aktivitetstilbud barn og unge (B) *) **)	217	204	114	184
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager (B) *) **)	190 048	157 447	203 054	183 690
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år *) **)	124 554	115 091	110 301	99 104
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år *)	6 189	6 833	4 347	2 863
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år *) **)	2 976	5 017	6 080	6 816
Netto driftsutgifter, kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter	1,5 %	1,5 %	1,3 %	1,0 %
Skolelokaler brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	3,8 %	3,1 %	2,4 %	2,8 %
Skoleskyss brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)	0,6 %	0,6 %	0,5 %	0,3 %
<b>Produktivitet</b>				
Driftsutgifter til undervisningsmaterieil (202), per elev i grunnskolen *)	2 140	2 091	2 080	1 827
Korrigerte brutto driftsutgiftertil grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev *)	172 754	172 381	152 580	133 120
<b>Dekningsgrad</b>				
Andel barn i gr.skolealder på venteliste til komm musikk- og kulturskole, av barn i alderen 6-15 år	5,6 %	7,4 %	1,7 %	3,1 %
Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbud til førskolebarn, i forhold til alle barn i barnehage. Alle barnehager (prosent)	14,6 %	19,1 %	16,3 %	21,5 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	6,7 %	9,9 %	10,0 %	7,9 %
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	1,8 %	3,6 %	2,8 %	4,7 %
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn (prosent)	78,3 %	76,7 %	79,6 %	85,6 %
Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt	24,5 %	25,9 %	21,7 %	18,0 %
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn (prosent)	63,6 %	82,8 %	71,9 %	72,5 %
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i regning 8.trinn (prosent)	72,7 %	69,0 %	68,0 %	68,7 %
Utlån alle medier fra folkebibliotek per innbygger (B)	4,5	4,8	3,3	2,4
<b>Kvalitet</b>				
Andel barnehagelærere i prosent av grunnbemanningen (prosent)	45,9 %	39,0 %	43,4 %	42,7 %
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	95,2	90,7		
Elevunders. 10. trinn - Trivsel	3,8	3,7		
Gjennomsnittlig grunnskolepoeng (antall)	39,5	40,8	42,2	43,0
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn	10,7	9,7	11,0	12,7

\*) Inflasjonsjustert med deflator

\*\*) Justert for utgiftsbehov

Kommunen nyttar omlag 1/4 av samla netto driftsutgifter innan grunnskulesektoren. Dette er noko over kostragruppa og landet. Ser vi på netto driftsutgifter per innbyggjar 6-15 år ligg kommunen omlag likt med kostragruppa, ca kr 5000 over pr. innbyggjar 6-15 år. Innanfor skulefritidsordning er brutto driftsutgifter lågare samanlikna med kostragruppa og landet. Noko av forklaringa her kan vera at vi har få elevar på SFO, og da noko legre bemanning. Vi har også færre timar med SFO enn mange andre stader i landet. Dette kan forklarast ved at vi har lengre skuledagar, og at ei skule ikkje har SFO på morgonen.

Kommunen ligg jamnt med kostragruppa innanfor omfang av spesialundervisning, og noko over landet. 1/4 av lærartimane går til spesialundervisning. Dette er ei auke. Særskild språkopplæring har auka, og kommunen ligg no mellom kostragruppa og landet. I kommunen bur det elevar som opprinneleg kjem frå ulike land. Dei har kome hit både som flyktingar og arbeidsinnvandring. Kommunen har ein høgare del innvandrarbarn i skulen enn i barnehagane.

Nasjonale prøver viser at vi ligg over kostra og landet på lesing 8. trinn, og innanfor rekning ligg vi likt. Ser vi på resultat frå 5. og 9. trinn ligg dei over kostra og landet innanfor lesing. Rekning viser noko varierende resultat, men her er det ikkje store skilnader frå landet og kostragruppa.

Kommunen ligg noko under landet og kostra på grunnskolepoeng, men har betre resultat enn åra før.

Del undervisning gjeve av undervisningspersonale med godkjend utdanning fortel kor stor del av årstimane som er gjennomført av undervisningspersonalet med godkjend utdanning i dei faga og trinna dei underviser i. Her har vi ein nedgang på 4%, frå 95% i 2020 til 91% i 2021. I skuleåret 2021-2022 er det mange av lærarane i kommunen som studerer, og jobbar redusert. Vi klarte ikkje ved permisjonar å dekke opp med kvalifiserte lærarar i alle stillingane.

Elevundersøkinga viser at på to trinn ligg kommunen under på elevane sin trivsel samanlikna med landet og kostragruppa. Dei andre trinna får vi ikkje samanlikna med kostra/landet, men dei viser ein høgare trivsel. Svara i elevundersøkinga blir analysert av skulane og dei set inn tiltak der det er behov. Vidare vil vi no kunne ha fleire sosiale arrangement når vi ikkje har smitteverntiltak som avgrensing.

Skulebygg: Kommunen har lege høgt på brutto driftsutgifter til skulebygg samanlikne med kostra og landet. Vi ligg fortsatt høgare, men kostnadane har gått ned frå 3,8% i 2020 til 3,1% i 2021.

## **Barnehage**

Kommunen nyttar 10% av samla netto driftsutgifter til barnehage. Dette er under kostragruppa og landet. Vi såg ein tydeleg reduksjon mellom 2019 og 2020 i samband med endring av barnehagestrukturen. No har netto driftsutgifter hatt ein lite auke. Vi har no tilnærma fulle barnehagar, men frå hausten -22 har familiane fått sitt fyrsteval og vi har nokre ledige plassar.

Kommunen har 50 000 kr lågare driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i barnehage enn kostragruppa. Her er det ein reduksjon frå 2020, ein forventa reduksjon med full virkning av endring av barnehagestrukturen.

Det er ei auke i barn som får ekstra ressurs til styrka tilbod i barnehagane. Det er ei betydeleg endring frå 2020 der 14,6% fekk ekstraressursar mot 1,1 % i 2021. Nokon barn har eit omfattande styrka tilbod.

Kostra viser at 39% av grunnbemanninga er barnehagelærarar. I dei kommunale barnehagane ligg vi på 49% og 42%. Privat barnehage har i registreringa i BASIL tatt med ekstra vikarbemanning. Dette gir utslag på del barnehagelærar av grunnbemanning. Barnehagen er innanfor pedagognorm.

## **Kultur**

Kommunen har redusert tilskot til andre kulturaktivitetar og kulturbygg dei siste åra. Vi låg tradisjonelt høgt her. No ligg vi noko under kostragruppa og landet.

Innanfor kulturskulen har vi gått ned per innbyggjar i kroner og vi ligg på 2,4 % i netto driftsutgifter av kommunen si totale netto driftsutgifter på kultur mot 3,3 % i kostragruppa og 4,1 i landet. Ser vi på kor mykje vi nyttar per innbyggjar 6-15 år, brukar vi omlag 2500 kr meir enn kostragruppa på kulturskulen. Dette fordi vi har ein høg del av grunnskuleelevane i kulturskulen. Vi har 40% av grunnskuleelevane i kulturskulen, Oslo har 13%. Kostra vise at vi har høgare del venteliste enn kostragruppa og landet, men noko på dans og foto der vi ikkje har klart å tilsette nokon med denne kompetansen. Elevar har da fått tilbod om anna aktivitet.

Biblioteket er mykje brukt, og vi ligg høgt på utlån per innbyggjar. Skulebiblioteka er også mykje brukt.

### **Kyrkja**

Øystre Slidre kommune har over fleire nytta 1,5 % av totale netto driftsutgifter til kyrkja. Dette er over Kostragruppa og landet i 2020.



## Helse og omsorg

### Status økonomi

Beløp i 1000

Virksomhet	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2020	2021	2021		
300-Felles helse og omsorg	25 193	30 417	28 431	-1 987	-7,0 %
310-Helse og tilrettelagde tenester	15 087	10 555	10 779	224	2,1 %
350-Førebygging og meistring	0	28 376	28 291	-85	-0,3 %
360-Institusjonstenester	50 290	29 683	29 492	-191	-0,6 %
370-IIB Tilrettelagte tenester	14 338	16 482	17 463	981	5,6 %
<b>Sum</b>	<b>104 908</b>	<b>115 513</b>	<b>114 456</b>	<b>-1 058</b>	<b>-0,9 %</b>

### Kommentar til status økonomi

Helse- og omsorgstenestene har eit meirforbruk samla på 1.058`, som kan forklarast slik:





Felles helse og omsorg - meirforbruk på 1.987`.


- Dette er knytt til interkommunale tenester, som samla viser meirforbruk på 2.502`. Områda med størst meirforbruk:
- 2.905` i meirforbruk på barnevern. Auken og meirforbruket kjem av at talet på saker har auka, og høgare utgifter til bl.a. advokat og innleie av konsulentbistand for å få rett kompetanse inn i hjelpetiltaka. Dette skuldast type og omfang på tiltak som det har vore behov for i kommunen. Budsjetten frå vertskommunen, som Øystre Slidre kommune har lagt til grunn i sitt budsjett, har ikkje vore realistisk dei siste åra etter auke i utgifter.
- 1.800` i meirforbruk på interkommunal legevakt. Meirforbruket skuldast hovudsakleg behov for vikarar/innleige under sjukefråvær, ferier og helger samt festivalar, og dekning av vakter kommunar ikkje klarer å løyse. Det har og vore auka kostnader til helsetjenestens driftsorganisasjon/nødnett.
- Det har vore mindreforbruk på enkelte andre tenester, m.a. NAV.

Dei andre tenestene innan helse og omsorg ligg omlag på budsjett eller under. Samla viser dei kommunale tenestene eit mindreforbruk på 1.444`.

- Mindreforbruk i egne tenester skuldast i hovudsak at det er finansiert meir lønnsutgifter og andre utgifter ved øyremerka tilskot/bundne fond enn det som er lagt til grunn i budsjettet.

## Status måltabell

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse delmål	Indikator	Ønska resultat	Oppnådd resultat 2021
Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggerane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.	Alle: Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen.	<p>Det er nokon ROS-analyser i ulike tenester, men det er ikkje arbeidd systematisk med dette i 2021. Det er ikkje gjennomført medarbeiderkartleggingar i 2021.</p> <p>Compilo blir nytta til avviksrapportering i alle tenestene.</p> <p>Prosedyrer, rutine og planar ligg i Compilo, og blir nytta av tilsette.</p>			
	Alle: Sjukefråværet på einingane og graden av utføre skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane for tilsvarande tenester.	Viser til rådmannen - fellesområde si beskriving av måloppnåing for heile kommunen			
	Alle: Vi skal ikkje ha negative budsjettavvik for dei ulike tenesteområda i kommunen.	Samla sett ligg vi på budsjett i 2021 innanfor kommunale tenester.	Innanfor budsjett	100,0 %	100,0 %
	Helse og omsorg: Alle barn i barnevernet som har tiltak skal ha tiltaksplan	Alle barn med hjelpetiltak har aktiv tiltaksplan	Andel barn med tiltaksplan av barn med hjelpetiltak		
	Helse og omsorg: Minst 82% av dei tilsette skal i løpet av planperioden ha relevant fagutdanning				
	Helse og omsorg: Vi skal bidra til at innbyggjarar skal meistre eget liv.	Det er gjennomført opplæring i organisasjonen.	Satt i gang prosjekt med mål om å bevisstgjere organisasjonen om kva som fremjar eigen meistring 1=Ja 2=Nei	1,00	
			Tilbod om førebyggjande samtaler med kvardagsrehabiliteringsteamet til alle som fyller 80 år 1=ja 2=nei	1,00	
	Helse og omsorg: Vi skal ikkje ha fristbrot i barnevernet.	I 2021 var det ingen fristbrot på melding, men 10 fristbrot på undersøking.	Andel undersøkelser med behandlingstid innan 3 måneder	57,0 %	
	Helse og omsorg: Vi skal legge til rette for at den einskilde skal kunne bu lengst mogeleg i eigen heim.		Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	10,8 %	

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse delmål	Indikator	Ønska resultat 2021	Oppnådd resultat
			Tidsbegrenset opphold - gjennomsnittlig antall døgn per opphold (antall)	18,9	18,0 
	Helse og omsorg: Vi skal sikre at alle under 30 år er i arbeid, utdanning eller aktivitet.				
	Helse og omsorg: Vi skal ta imot alle utskrivingsklare pasientar innan fristen for fakturerbare liggedøgn.	Gjennomført	Antall liggedøgn utanfor fristen for fakturerbare liggedøgn		



## KOSTRA Nøkkeltal

### Kostra-analyse

	Øystre Slidre 2020	Øystre Slidre 2021	Kostra- gruppe 04	Landet uten Oslo
<b>Prioritet</b>				
Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn med tiltak *)	383 541	469 870	233 524	231 387
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten *) **)	19 929	25 020	13 593	11 020
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten (B) *) **)	21 869	24 549	20 236	21 482
Netto driftsutgifter til omsorgstjenester i prosent av kommunens samlede netto drifts (prosent)	35,1 %	42,1 %	38,2 %	33,9 %
<b>Produktivitet</b>				
Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk (funksjon 244)	26,7	15,8	15,8	16,3
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B) *)	49 455	48 571	39 626	51 573
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner) (B) *)	351 196	439 045	304 076	307 527
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass *)	1 135 065	1 314 056	1 339 443	1 424 285
Utgifter per beboerdøgn i institusjon	4 195	4 701	4 361	4 449
<b>Dekningsgrad</b>				
Andel barn med barnevernstiltak pr 31.12 ift. innbyggere 0-17 år	2,7 %	2,9 %	3,2 %	2,7 %
Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år	5,3 %	6,5 %	4,9 %	4,4 %
<b>Kvalitet</b>				
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100,0 %	100,0 %	99,2 %	98,7 %
Gjennomsnittlig listelengde korrigert for kommunale timer	1 107,0	1 117,0	1 028,0	1 143,0
<b>Kommunekasse</b>				
Andel netto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp (B) (Kommunekasse)	36,5 %	31,2 %	32,8 %	33,3 %
Netto driftsutg til diagnose, behandling og rehabilitering pr. innbygger (B) (Kommunekasse) *) **)	2 880	2 915	2 593	2 629
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år (B) (Kommunekasse) *) **)	2 239	2 312	3 070	3 396
Netto driftsutgifter per innbygger (233) annet forebyggende helsearbeid (B) (Kommunekasse) *) **)	292	831	486	812
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunehelse (B) (Kommunekasse) *) **)	3 645	4 223	3 482	4 234

\*) Inflasjonsjustert med deflator

\*\*\*) Justert for utgiftsbehov

### Anna førebyggende helsearbeid

Det har vore ei stor auke av utgifter på området frå 2020 til 2021. Årsaken er behov for smittevernustyr og arbeid med smittevern. Pandemien er hovudårsak til innkjøpa, og ekstrautgiftene er i hovudsak kompensert i rammetilskot mv., men for vaksineringsarbeid har vi hatt meirutgifter på 1,6 millionar som ikkje er kompensert per 2021.

### Tenester til heimebuande

Øystre Slidre kommune tok i 2020 i bruk nye bustader på Brennebakkin og i 2021 i bruk Helsetunet. Her er 18 heildøgnsbemanna omsorgsbustader som i stor grad påverkar området. I tillegg er avdeling Smørkøll drifta av Førebygging og meistring.

Delen mottakarar av heimetenester pr tusen innbyggjar er tilsvarande i 2021 som i 2020 ( 37 pr 1000) Rapportar viser at talet på produserte tenestetimar for helsetenester i heimen er redusert frå 519 t/veka til 468 t/veka, det vil seie 51 t/veka. Det gjev færre produserte tenestetimar å fordele på talet årsverk. Det er i tillegg nytta kjøp av tenester frå bemanningsbyrå i november og desember, ei løysning som er tydeleg dyrare enn å lønne egne tilsette.

Øystre Slidre kommune kjøpte plass med heilårsverknad for to tenestemottakarar utanfor kommunen. Dette medførte betydelige utgifter.

### **Psykisk helse**

Psykisk helse har 3.5 årsverk registrert innanfor tenester til heimebuande. Då det ikkje blir fatta vedtak på tildeling eller registrert tenester på avdelinga, blir desse årsverka fordelt på dei tenestemottakarane som er registrert i heimetenesta eller tilrettelagte tenester og gjev feil utrekning i forhold til utgifter. Rapportering pr 01.12.21 viser at 79 brukarar var registrert i distriktet. Utover dette blir det gjeve tenesteproduksjon til personar registrert i andre distrikt.

### **Institusjon**

Delen institusjonspasientar over 80 år er som forventet redusert i 2021 i samband med flytting til Helsetunet og ein reduksjon i tal institusjonsplassar. Vi ligg no på tilsvarande nivå som resten av landet og under Kostragruppa. Dei høge utgiftene skuldast auka drifts- og kapitalkostnader i samband med Helsetunet. Nedgangen i tal institusjonsplassar har medført ei auke i tal bebuarar over 80 år i omsorgsbustad med heildøgns pleie og omsorg som mottek tenester frå heimebuande.

### **Avlastning Brennebakkin**

Det kjem ikkje fram rette tal for omfang av tildelt avlastning i barneavlastninga. Tenesta blir registrert som avlastning i institusjon, men brukar blir ikkje registrert. Når tenesta no ikkje blir registrert med omfang, kjem ikkje tenesteproduksjonen med i kostra. Det er knytt personal til avlastningsbehov gjennom heile døgnet når det er barn til stade. Når tenesteproduksjonen ikkje er registrert, blir dette tolka som at 1 personal jobbar utan brukarar til stades. Det totale barneavlastningstilbodet er då ikkje rekna med pleie og omsorg sin tenesteproduksjon.

Avlastning i institusjon har auka og avlastning utanfor institusjon er tilsvarande redusert. Dette fører til ein auka kostnad for kommunen utan moglege inntekter, då avlastning er ein vederlagsfri teneste.

### **Institusjonslokale**

Brutto investeringsutgifter institusjon lokale, utgifter pr innbyggjar i heile tusen, har hatt ein markant auke siste år og ligg tydeleg høgare enn Kostragruppe 4 og resten av landet. Dette vil også påverke netto resultat. Dei auka utgiftene skuldast nye Helsetunet. Investeringsutgifter har vore planlagt over tid og vil naturleg påverke både brutto og netto resultat i åra framover. Det har vore behov for noko driftsutgifter også til gamle sjukeheimen i 2021, då utflytting fyrst skjedde ut på nyåret, og tømning og oppvarming av bygget skjedde lenge ut over i året.

### **Fråvær**

2021 og koronaen med auka fråvær har gjeve auka behov for vikarar i heile helse og omsorg. Auka bruk av vikarar har påverka netto driftsresultat på området negativt, men ekstrautgiftene er i stor grad kompensert i rammetilskot mv.

**Øvre Valdres psykologteneste**

Kommunepsykolog deltok på faste samarbeidsmøter med psykisk helseteneste og helsestasjon i alle tre kommunar. Møte inneheld mellom anna rettleiing. Kommunepsykolog tilbyr lågterskel pasientbehandling for ungdom og deira familiar og unge vaksne mellom 13 – 25 år med milde til moderate psykiske vanskar. Kommunepsykolog har felles inntak med psykisk helseteneste i alle tre kommunar.

Det er eit regionalt samarbeid med faste møter med alle kommunepsykologane i Valdres.

Kommunepsykolog har i 2021 hatt 4 foreldrepar/foreldre i rettleiing/samtaler. Jamn fordeling i de tre kommunane. Varighet er mellom 1 – 6 samtaler. Ho har hatt 15 pasientar i behandling: 6 frå Vestre Slidre kommune, 6 frå Øystre Slidre kommune og 3 frå Vang kommune. Varighet er mellom 1 – 20 samtaler.

Kommunepsykologen er i spesialisering i emosjonsfokuserert terapi og skriv spesialistoppgåve. Har hatt jamnleg rettleiing av annen psykolog.

**NAV**

NAV Valdres klarte i 2021 ikkje å framskaffe tal til Kostrarapportering av personell og virksomhet i sosiale tenester i NAV, og ga beskjed til kommunane om å rapportere tala frå 2020 på nytt. Her kan det ligge ein feilmargin.

**Barnevern**

Det har vore ei auke i antal saker og vi har saker med ei store omfang. Det innber utgifter til fosterheimar, konsulentbistand og juridisk bistand. Dette har ført til auka utgifter samanlikna med 2021. Kommunen ligg høgt over kostragruppa og landet. Vi hadde ikkje saker innanfor statlige tiltak som gav refusjon.

Del barn med barnevernstiltak har hatt ei jamn auke dei siste åra og vi ligg mellom landet og kostragruppa, vi ligg noko høgare enn landet og kostra på barn som er i ei undersøkelsesfase i barnevernet.

## Tekniske tenester

### Status økonomi

Beløp i 1000

Virksomhet	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2020	2021	2021		
400-Felles tekniske tenester	0	11	0	-11	0,0 %
420-Teknisk drift	20 177	29 960	31 713	1 753	5,5 %
450-Næring plan og byggesak	15 562	10 847	15 747	4 900	31,1 %
<b>Sum</b>	<b>35 739</b>	<b>40 818</b>	<b>47 460</b>	<b>6 642</b>	<b>14,0 %</b>

### Kommentar til status økonomi

Regnskapet for 2021 viser eit mindreforbruk på 6.642` samla for tekniske tenester:




Teknisk drift (1.753`):

- 1.017` høgare husleigeinntekter enn budsjettert. Budsjettert vart teke ned ca. 2 mill i løpet av 2021, grunna manglande utleige av bustader, og koronasituasjonen som medførte at enkelte bustader og lokale vart halde i beredskap. Året samla viste eit resultat som enda omtrent midt mellom opprinneleg og regulert budsjett.
- 310` meir sjølvkostfinansiering enn budsjettert, på reinhald og kommunale bygg.
- 426` i unytta løyvingar samla sett.

Næring plan og byggesak (mindreforbruk 4.900`):

- 2.101` på arealområda (som omfattar byggesak, kart, oppmåling, plan). I endeleg regnskap er det ført mindre utgifter på arealområda utanom sjølvkost i forhold til innanfor sjølvkost. Det som er ført innanfor sjølvkost er saldert mot fond, medan utgiftene som er utanom sjølvkost utgjør netto utgifter for kommunen generaløkonomi. Det er denne siste delen som vart lågare enn budsjettert, etter endeleg fordeling av felleskostnader mv. Det er fyrste året vi har avslutta sjølvkostregnskap og fond på arealområda. Dette har vore ein prosess gjennom året, noko som har medført enkelte budsjettavvik på 2021.
- 1.345` på Klima+ næringsklynge og Fly`a Folkehøgskule. Det har vore arbeida mindre med prosjekta i 2021 enn føresett i budsjettert, og difor er utgiftene lågare. Kommunen har likevel motteke og inntektsført statstilskot for Klima+-prosjektet i 2021 på kr 700`, basert på prosjektrengnskap for 2020 og fyrste halvår 2021. Netto viser området ei netto inntekt på 80`, mot budsjettert netto kostnad på 1.265`. Forskjellen gjev ei mindreforbruk på 1.345`.
- 132` på miljø, som skuldast eit tilskot inn på 115`, til dekning av utgifter delvis på drege året før, og som ikkje var budsjettert i 2021. I tillegg er ikkje heile budsjettamma nytta i 2021.
- 1.339` i unytta løyvingar/mindreforbruk på næringsutvikling, m.a. knytt til Nasjonalt senter for fjellandbruk (lågare endeleg finansieringsplan, oppfølging næringsdelen av ny kommuneplan (ikkje gjennomført/kostnadsført), næringsstøtte disposisjon for formannskapet, budsjettpostar utan prosjekt unytta i 2021 innan næringsutvikling, landbruk og friluft, vilt- og utmarkforvaltning.

## Status måltabell

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse delmål	Indikator	Ønska resultat	Oppnådd resultat 2021	
Øystre Slidre kommune skal tilby tenester til innbyggerane og gjestene med god kvalitet og med effektiv ressursbruk.	Alle: Internkontrollsystemet skal vera i aktiv bruk i alle tenester i kommunen.	Internkontrollsystema er implementert og det er gitt opplæring i bruk.				
	Alle: Sjukefråværet på einingane og graden av uføre skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane for tilsvarande tenester.	Sjukefråværet på avdelinga NPB og TD er generelt tilfredstillande. Det har vore forholdsvis høgt sjukefråvær innan reinhaldstenesta.				
	Alle: Vi skal ikkje ha negative budsjettavvik for dei ulike tenesteområda i kommunen.	NPB har hatt eit betydeleg mindreforbruk i 2021. Dette skuldast stor sakstilgang og ei betydeleg auke i gebyrsatsane og ein stab som er svært effektiv	Innanfor budsjett	100,0 %	180,0 %	
	Tekniske tenester: Alle bygg i kommunen skal vera lagd inn i matrikkel pr. 1.febr. kvart år.		Del av bygningar som er lagt inn i matrikkel før 1.februar	100	100	
	Tekniske tenester: Vi skal gjennomføre minst 10 tilsyn med nye anlegg for spreidd avløp og minst 20 % av eldre anlegg skal få tilsyn kvart år.	Tilsyn spreidde anlegg. Arbeidsåret 2021 har vore spesielt. På byggjesak har vi hatt foreldrepermisjon, vakant stilling frå midten v august, samt ei lengre sjukmelding. Dette saman med ei stor auke i saker gjorde det naudsynt å omprioritere arbeidskraft frå tilsyn med avløpsanlegg til byggjesak. Det ser ikkje ut til at denne situasjonen blir enklare i 2022. Målet på dette feltet er å ha eit tilsyn kvart 5.år. For å løyse dette er det ein plan for 2022 der vi tilset sommarhjelp for å gjennomføre desse tilsyna og skrive rapportar på kurante saker, slik at vi kjem ajour med målsettingane og krava til samla gjennomføring i løpet av 2022.	Antal tilsyn spreidd avløp	10	1	
	Tekniske tenester: Vi skal ha ei gjennomsnittleg saksbehandlingstid for byggesaker som er under gjennomsnittet i landet.	Avdelinga har i 2021 ikkje klart målet om sakshandsamingstid under sammenligningskommunene, og heller ikkje i høve det lovbestemte kravet om 21 dagar. Vi endte opp	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (dager) byggesaker med 3-vekers frist	15	25	

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse delmål	Indikator	Ønska resultat	Oppnådd resultat 2021	
		på 26. Dette er grunngeve med at avdelinga har hatt stilling i vakanse frå 15. august, samt foreldrepermisjon og sjukmelding. Saman med stor sakstilgang har ressursane som er gitt til avdelinga i høve oppgåvene blitt for utfordrande. Ved å sjå på områda tilsyn avløpsanlegg og byggjesak i samanheng er det ein ambisjon om å få redusert sakshandsamingstida for 2022 noko.				
	Tekniske tenester: Vi skal halde alle fristane i plan- og bygningslova for byggesaker.	Spesielt stor saksmengde med sesongvariasjon, vakant stilling, sjukmelding og foreldrepermisjon har gjort at avdelinga ikkje har hatt muligheit til å nå dette målet i 2021	Antall søknader med saksbehandlingstid over lovpålagt tid	0	68	!
	Tekniske tenester: Vi skal knytte abonnentar til kommunalt VA-leidning som ikkje er knytt til kommunalt anlegg.	Omfanget er ikkje tilstrekkelig kartlagt, oppnådd resultat er kun en indikasjon. Arbeidet med utbygging av lokal infrastruktur i bygda pågår kontinuerlig med fleire små prosjekt. Det er tidvis få abonnentar som kan knyttast til på det enkelte prosjekt, tidkrevjande å få til mange nye abonnentar. Det er forventa mange nye abonnentar ved framføring av VA leidningar i fjellet, desse prosjekta er kun i prosjekteringsfase.	Alle bustader og fritidsbustader som har ein kostnad for framføring og tilknytning på under kr 300.000, skal knyttast til komunal VA-anlegg.	70	40	!
	Tekniske tenester: Vi skal sikre at alle abonnentar knytt til kommunale vassforsyningsanlegg får vatn av tilfredsstillande kvalitet.	I 2021 var det eit tilfelle av E.coli frå Ole vassverk og eit tilfelle E.coli i vatn kjøpt frå Vindin vassverk. Det ble tatt negative kontrollprøver ved begge tilhøve. 2 av 9 vassprøver frå Ole VV hadde for låg pH verdi grunnet lav pH i råvatnet. Nytt vassverk vil ha pH justering.	E.coli: Andel innbyggere tilknyttet kommunalt vannverk med tilfredsstillende prøveresultater	100,0 %	99,0 %	–
			Farge: Andel innbyggere tilknyttet kommunalt vannverk med tilfredsstillende prøveresultater	100,0 %	100,0 %	✓

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse delmål	Indikator	Ønska resultat 2021	Oppnådd resultat	
			Intestinale enterokokker: Andel innbyggere tilknyttet komm.vannverk med tilfredsstillende prøver	100,0 %	100,0 %	⊖
			PH: Andel innbyggere tilknyttet kommunalt vannverk med tilfredsstillende prøveresultater	100,0 %	53,8 %	⊖
<b>Øystre Slidre skal ha positiv folketalsutvikling, vere blant dei beste kommunane på næringsutvikling og berekraftig ressursutnytting og, med Beitostølen som motor, vere det leiande heilårs reisemålet i landet.</b>	Tekniske tenester: Det blir bygd to ny driftsbygningar i landbruket i året.		Tal på nye driftsbygningar med ferdigattest i året	2	4	✓
	Tekniske tenester: Kommunen skal vedta beitebruksplan.		Kommunen har vedteke beitebruksplan - ja=1, nei=2	1	1	✓
	Tekniske tenester: Kommunen skal vedta sti og løypeplan.	Arbeidet har vorte noko forsinka, men planen er lagt ut på høyring med frist 1.april 2022	Kommunen har vedteke sti- og løypeplan - ja=1, nei=2	1	2	!
	Tekniske tenester: Vi skal etablere ein næringsklynge i bankbygget.		Det er etablert næringsklynge i bankbygget - ja=1, nei=2	1	1	✓
	Tekniske tenester: Vi skal gjennomføre Klima+-prosjektet.	Klima+ prosjektet er godt i gang, med rapportering per 1.halvår 2021. Prosjektet har ikkje vorte arbeidd med like mykje som føresett resten av 2021 pga.fråvær/kapasitetsutfordringar.	Klima+-prosjektet er gjennomført - ja=1, nei=2	1	2	⊖
	Tekniske tenester: Vi skal i samarbeid med andre etablere Nasjonalt ressurscenter for fjellandbruket på Løken gard.	Det har vore arbeidd for å få på plass eit senter, og det er utført mykje grunnleggande arbeid både med forankring og organisatorisk struktur og finansiering.Arbeidet er stilt noko i bero i påvente av at Landbruks-og departementet som	Det er etablert nasjonalt ressurscenter for fjellandbruket på Løken gard - ja=1, nei=2	1	2	!

Hovudmål	Mål	Statusbeskrivelse delmål	Indikator	Ønska resultat 2021	Oppnådd resultat
		eigar av eigedomen bestemmer seg for kva ein skal gjere med eigedomen.			
	Tekniske tenester: Vi skal revidere samfunnsdelen av kommuneplanen.		Samfunnsdelen av kommunedelplanen er revidert - ja=1, nei = 2	1	1
	Tekniske tenester: Vi skal til ei kvar tid ha kommunale næringseigedomar og bustadtomter for sal.		Kommunen har kommunale næringseigedomar og bustadtomter for sal - ja=1, nei=2	1	1

## KOSTRA Nøkkeltal

### Kostra-analyse

	Øystre Slidre 2020	Øystre Slidre 2021	Kostra-gruppe 04	Landet uten Oslo
<b>Prioritet</b>				
Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere	22,9	29,2	17,8	16,3
Kommunale boliger brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	1 210	1 605	1 517	1 718
Netto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate *)	152 033	131 207	99 747	165 922
Vann - Driftsutgifter per tilknyttet innbygger (kr/tilkn.innb) (B) *)	9 916	8 582	1 970	1 082
<b>Produktivitet</b>				
Avløp - driftsutgifter per innbygger tilknyttet kommunal avløpstjeneste (kr/tilkn.innb) (B) *)	6 190	4 970	2 257	1 218
Avløp - Årsgebyr for avløpstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1) *)	4 786	6 088	5 452	4 435
Herav energikostnader for kommunal eiendomsforvaltning per kvadratmeter (B) *)	111	199	148	137
Herav energikostnader til administrasjonslokaler per kvadratmeter, administrasjonslokaler, konsern *)	75	153	159	144
Herav energikostnader til institusjonslokaler per kvadratmeter, konsern *)	195	219	160	164
Herav energikostnader til skolelokaler per kvadratmeter, konsern *)	112	197	142	122
Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1) (kr) *)	2 999	4 208	4 932	4 033
<b>Dekningsgrad</b>				
Avløp - Andel av befolkningen som er tilknyttet kommunal avløpstjeneste (B)	43,3 %	53,8 %	58,9 %	85,5 %
Vann - Andel av befolkningen som er tilknyttet kommunal vannforsyning (B)	21,5 %	21,3 %	57,7 %	82,6 %
Vann - Andel av befolkningen som er tilknyttet privat eller kommunalt vannverk	61,6 %	61,3 %		85,8 %
Vann - Andel av husholdningsabonentene som har installert vannmåler	95,0 %	95,0 %		42,1 %
<b>Kvalitet</b>				
Søknader i samsvar med plan Byggesøknader i alt Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (dager)	13	26	16	22
Årsgebyr for feiling og tilsyn - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret +1) *)	555	554	619	533
<b>Grunnlagsdata (Nivå 3)</b>				
Byggesaksgebyr for oppføring av enebolig (kr) *)	13 485	19 400	13 154	16 362

**Kommunekasse**

Netto driftsutgifter per innbygger (325) tilrettelegging og bistand for næringslivet (B) (Kommunekasse) *) **)	-254	-311	486	194
Netto driftsutgifter per innbygger (329) landbruksforvaltning og landbruksbasert nær.utv. (B) (Kommunekasse) *) **)	793	765	375	134
Netto driftsutgifter per innbygger (360) naturforvaltning og friluftsliv (B) (Kommunekasse) *) **)	1 129	363	105	163
Netto utgift per kvm, administrasjonslokaler (Kommunekasse)	722	700	703	971
Netto utgift per kvm, institusjonslokaler (Kommunekasse)	2 387	1 357	907	1 125
Netto utgift per kvm, skolelokaler (Kommunekasse)	1 481	1 286	1 119	1 120

\*) Inflasjonsjustert med deflator

\*\*) Justert for utgiftsbehov

**Utrykninger til brannar og anna**

Her ligg vi høgare enn kontragrupper 4 og landet utanom Oslo. Det er Valdres brann- og redningsteneste IKS som har ansvaret for denne tenesta på vegne av kommunen, og vi viser til deira årsrapport på [www.valdresbrannvesen.no](http://www.valdresbrannvesen.no).

**Sakshandsamingstid.**

På dette området har vi heilt klart ein aukande tendens. Tilfanget av saker har vore større dei siste åra i takt med gode konjunkturar for hytte- og fritidsmarknaden. Sakstilgangen er også syklisk, då det er vesentleg fleire søknadar frå våren og ut over sommaren, enn frå hausten mot vinteren. Dette utfordrar oss på kapasitet. Vidare har avdelinga hatt ei lengre sjukmelding, vakante stillingar og fødselspermisjon, slika at den samla kapasiteten i periodar har vore betydeleg redusert.

**Byggesaksgebyr for oppføring av einebustad.**

Byggesaksgebyret for einebustadar er auka på like linje med dei fleste andre gebyrområda. Vi ligg noko over kostragruppe 04, forskjellen er mindre i forhold til landet utanom Oslo. Gebyret er justert ned til 16.400 for 2022.

**Tilrettelegging og bistand for næringslivet.**

Kommunen nyttar ein betydeleg sum på støtte og bistand for næringslivet.

Oversikt over næringsmessig bruk av eigedomsskatt i vedlegg viser at kommunen i 2021 nytta 11.458` til ulike tiltak som skal hjelpe næringslivet. Tiltaka er ført på ulike funksjonar, i tråd med gjeldande kostraregelverk. 5.013` er ført på funksjon tilrettelegging og bistand for næringslivet. 1.364` er ført på funksjon landbruk, 372` på funksjon for tenester utanom ordinært kommunalt ansvarsområde, 272` på veg, 386` på naturforvaltning og friluftsliv, og 4.051` i investeringsregnskapet.

Tala for tilrettelegging og bistand for næringslivet i kostra-tabellen skil seg frå fjoråret, då bl.a. støtte til løypekøyring på 750` og leige av skiløyper på ca 300` no er bokført på annan funksjon. Støtte til landbruk på 1.364` er ført på eigen funksjon.

Det er ført enkelte inntekter på denne funksjonen der tilhøyrande kostnader ikkje er ført på same funksjon. Dette gjeld:

- Konesjonsavgift-inntekt på 4.156` knytt til kraft er ført som inntekt på denne funksjonen, medan bruken (til kapitalkostnader for investeringar) er ført på annan funksjon i tråd med kostra-reglane.
- Kommunen har motteke 5.212` frå staten, i hovudsak til diverse støtteordningar for koronaen. Desse midla er etter søknad fordelt ut til bedriftene og kostnadsført på denne same funksjonen. Unntaket er siste tildelingane på 1.796`, som er avsett til bunde fond. Inntekta er ført på denne funksjonen, men avsetning til bundne fond, 1.796`, er ikkje med som kostnad i kostranøkkeltalet.
- Andre vegen går næringsfondmiddel kommunen fekk i 2020 i samband med koronaen, som vart avsett på fond i 2020 og nytta i 2021, kr 1.441`.

Kommunen sine netto utgifter på denne funksjonen er på grunn av punkta ovanfor positive i 2021 (og 2020), og kostra-indikatoren gjev såleis eit noko «feil» bilete. Justert for konesjonsavgift og unytta tilskot er kommunen sine utgifter i 2021 omlag 3.500` på denne funksjonen, eller omlag 1072 kr /innbygger.

Vi viser også til kostra-indikatorane for landbruk, og for naturforvaltning og friluftsliv, som også inneheld tilrettelegging og bistand for næringslivet:

#### **Netto driftsutgifter landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling.**

Tabellen viser at kommunen nyttar ein betydeleg sum på dette området, meir enn snittet i kostragruppe 04 og landet utanom Oslo. Det blir nytta omlag ein million kroner på ei støtteordning som supplerar tilskot frå Innovasjon Norge i byggjesaker for driftsbygg.

#### **Netto driftsutgifter naturforvaltning og friluftsliv**

Tabellen viser at kommunen nyttar ein betydelig sum på dette området, meir enn snittet i kostragruppe 04 og landet utanom Oslo. Under denne funksjonen er det bl.a. ført tilskot til løyper og stiar med 386`, og ein del av Klima+-satsinga.

#### **Vatn og avløp**

Øystre Slidre kommune har høg aktivitet på investeringsprosjekt, store avstandar og fleire vassverk og reinseanlegg å drifte. Vi er ein kommune med få innbyggjarar og mange hytter. Dette bidreg til relativt høge driftsutgifter pr innbygger i forhold til kostragruppe 4 og landet (utan Oslo).

Samla sett er gebyrnivået for vatn og avløp på linje med kostragruppe 4, og om lag 1800 kr høgare enn landet (utan Oslo).

Tal abonnentar knytt til kommunalt vatn og avløpsanlegg ligg godt under landet (utan Oslo). Øystre Slidre kommune har vedteke planer om å auke delen knytt til kommunale anlegg. Frå 2020 til 2021 økte delen knytt til kommunalt avløpsanlegg med 10 %, medan delen knytt til kommunal vassforsyning ikkje auka.

Ein stor del (95%) av abonnentane i Øystre Slidre har installert vassmålar, dette bidreg til rettferdig fordeling av dei variable utgiftene.

## Kommunale bustader

Brutto driftsutgifter for kommunale bustader per innbyggjar auka frå 2020 til 2021. Det skuldast m.a. fleire nye omsorgsbustader på helsetunet frå 2021. Det skuldast og auke i straumkostnad og kommunale eigedomsavgifter pga. høgare prisar og auka areal, og auka reinhaldskostnad pga. auka areal. Kommunen sine kostnader per innbyggjar er høgare enn kostragruppe 4, men noko lågare enn landet (utan Oslo). Kommunen har stor del eldre, noko som bidreg til at kommunen har behov for og har fleire kommunale bustader.

## Veg

Driftsutgiftene til kommunale vegar ligg godt over kostragruppe 4, men godt under landet (utan Oslo). Frå 2018 har driftsutgiftene til veg gått frå 162 560 til 131 207 kr pr kilometer veg. Kommunen har få km med kommunal veg. Kommunen har mykje vedlikehald på vegane både sommar og vinter. Vi har truleg betre vedlikehald enn mange kommunar i kostragruppe 4.

## Kommunale bygg, m.a. energikostnader

Netto utgifter til drift av administrasjonslokale ligg på linje med kostragruppe 4 og lågare enn landet (utan Oslo).

Netto utgifter per m<sup>2</sup> institusjonslokaler og skuler viser nedgang frå året før, men det skuldast at forsikring i 2021 er ført på eigen forvaltningsfunksjon (i tråd med kostra), medan det i fjor vart ført på byggfunksjon.

Bygningar for institusjon og skule har ei høgare netto driftsutgift per m<sup>2</sup> enn både kostragruppe 4 og landet (utan Oslo). Årsakene kan vera fleire:

Kommunen har tre skuler, noko som medfører høgare driftsutgifter, også per m<sup>2</sup>, fordi det då er behov for meir ettersyn/bemannning, fleire fyrings, ventilasjons- og brannanlegg mv.

Kommunen har nye institusjonslokaler i helsetunet, avskrivningar på bygget er høge og bidreg til kostnader over snittet.

Energi kostnadene utgjør ein stor del av kostadene. Energi kostnader pr kvadratmeter bygg er høgare enn landet (utan Oslo) og kostragruppe 4 for alle bygg forutan administrasjonslokale. Ein ser og ei betydeleg auke frå 2020 til 2021, som i hovudsak skuldast auka straumprisar. Kommunen har høgare energikostnader enn kostragruppe 4 og landet, for bygga samla, og for institusjonslokaler og skuler. Kostnadene låg høgare også året før. Vår kommune har mykje vinter og dermed mykje oppvarmingsbehov. Kommunen har varma opp gammal sjukeheim til eit visst nivå også etter at den vart tømmt. Oppvarming krev mykje energi, både fordi lokalet er gammalt og utan folk. Det var fyrst seint på hausten, når alt var tømmt, og vatnet stengt av, at straumen vart slått av. Med høgare straumprisar har kommunen på slutten av året auka fokuset på enøk tiltak i drift og planlagte investeringar.

## Årsrekneskap

### §5-4 Bevilgningsoversikter - drift (1A)

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2020	Opph. bud. 2021	Rev. bud. 2021	Rekneskap 2021
Rammetilskudd		-101 864	-104 071	-108 931	-112 135
Inntekts- og formuesskatt		-100 080	-104 627	-110 157	-110 369
Eiendomsskatt		-22 893	-23 322	-24 022	-24 007
Andre generelle driftsinntekter		-11 397	-13 717	-12 290	-14 128
<b>Sum generelle driftsinntekter</b>		<b>-236 234</b>	<b>-245 737</b>	<b>-255 400</b>	<b>-260 638</b>
<b>Korrigert sum bevilningar drift, netto</b>		<b>218 590</b>	<b>230 201</b>	<b>238 516</b>	<b>221 142</b>
Avskrivninger	4	22 530	22 400	22 400	26 467
<b>Sum netto driftsutgifter</b>		<b>241 120</b>	<b>252 601</b>	<b>260 916</b>	<b>247 609</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>		<b>4 886</b>	<b>6 864</b>	<b>5 516</b>	<b>-13 030</b>
Renteinntekter		-2 907	-1 305	-2 605	-3 049
Utbytter		-3 693	-2 000	-2 900	-3 031
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler		68	0	0	0
Renteutgifter		3 510	5 407	3 807	3 045
Avdrag på lån	8	16 360	18 300	18 300	17 936
<b>Netto finansutgifter</b>		<b>13 338</b>	<b>20 402</b>	<b>16 602</b>	<b>14 901</b>
Motpost avskrivninger		-22 530	-22 400	-22 400	-26 467
<b>Netto driftsresultat</b>		<b>-4 306</b>	<b>4 866</b>	<b>-282</b>	<b>-24 596</b>
<b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</b>					
Overføring til investering		14 900	8 400	26 750	26 750
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	11, 12	-405	-10 526	-7 346	-2 062
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond		-10 189	-2 739	-19 122	-92
Dekning av tidligere års merforbruk i driftsregnskapet		0	0	0	0
<b>Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat</b>		<b>4 306</b>	<b>-4 865</b>	<b>282</b>	<b>24 596</b>
<b>Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

**§5-4 Sum bevilgninger drift, netto (1B)**

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2020	Opph. bud. 2021	Rev. bud. 2021	Rekneskap 2021
Politisk leing og kontrollorgan		3 161	2 804	3 727	2 433
Rådmannen felles		3 181	3 934	3 989	1 955
Stab		12 876	16 598	16 374	15 954
Felles opplæring og kultur		5 228	6 135	6 099	5 319
ØSUS		15 097	13 685	13 686	12 058
Rogne skule		15 363	12 918	13 072	13 969
Lidar skule		13 725	13 622	13 665	13 315
IIB Tingvang barnehage		2 298	-90	0	-3
Rogne barnehage		8 589	10 216	10 821	10 244
Beito barnehage		5 597	4 325	4 625	5 294
Private barnehager		3 639	4 501	4 501	4 757
Kulturavdelinga		9 764	8 832	9 113	9 115
Flyktningetenesta		3 295	5 825	5 828	4 416
Felles helse og omsorg		25 193	24 630	28 431	30 417
Helse og tilrettelagde tenester		15 087	14 359	10 779	10 555
Førebygging og meistring		0	0	28 291	28 376
Institusjonstenester		50 290	48 708	29 492	29 683
IIB Tilrettelagte tenester		14 338	15 607	17 463	16 482
Felles tekniske tenester		0	0	0	11
Teknisk drift		20 177	18 641	31 713	29 960
Næring plan og byggesak		15 562	12 190	15 747	10 847
Kraftforvaltning		-11 081	-7 972	-13 862	-12 027
Ramme og skatt		-4 267	-822	0	0
Renter og avdrag		-2	0	0	-4
Interne finanstransaksjoner		-9 576	-3 997	-9 221	-10 681
<b>Sum bevilgninger drift, netto</b>		<b>217 533</b>	<b>224 650</b>	<b>244 333</b>	<b>232 443</b>
Av dette:					
Avskrivninger		0	0	0	0
Netto renteutgifter og -inntekter		3	0	0	10
Avsetninger til bundne driftsfond	11, 12	4 898	41	2 821	9 468
Bruk av bundne driftsfond	11, 12	-5 958	-4 858	2 996	1 824
Bruk av disposisjonsfond		0	-734	0	0
<b>Korrigert sum bevilgninger drift, netto</b>		<b>218 590</b>	<b>230 201</b>	<b>238 516</b>	<b>221 142</b>

## §5-6 Økonomisk oversikt etter art - drift (3)

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2020	Opph. bud. 2021	Rev. bud. 2021	Rekneskap 2021
Rammetilskudd		-101 864	-104 071	-108 931	-112 135
Innteks- og formuesskatt		-100 080	-104 627	-110 157	-110 369
Eiendomsskatt		-22 893	-23 322	-24 022	-24 007
Andre skatteinntekter		-5 417	-5 000	-5 600	-5 746
Andre overføringer og tilskudd fra staten		-13 078	-11 396	-8 260	-11 258
Overføringer og tilskudd fra andre		-33 239	-22 845	-25 440	-34 865
Brukerbetalinger		-10 446	-12 312	-9 037	-10 992
Salgs- og leieinntekter		-62 601	-63 679	-70 499	-77 985
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>-349 618</b>	<b>-347 251</b>	<b>-361 945</b>	<b>-387 355</b>
Lønnsutgifter		167 508	169 419	169 489	169 194
Sosiale utgifter		28 712	32 185	33 015	30 275
Kjøp av varer og tjenester		101 637	98 705	106 409	108 680
Overføringer og tilskudd til andre		34 116	31 407	36 150	39 709
Avskrivninger	4	22 530	22 400	22 400	26 467
<b>Sum driftsutgifter</b>		<b>354 504</b>	<b>354 115</b>	<b>367 462</b>	<b>374 325</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>		<b>4 886</b>	<b>6 864</b>	<b>5 516</b>	<b>-13 030</b>
Renteinntekter		-2 907	-1 305	-2 605	-3 049
Utbytter		-3 693	-2 000	-2 900	-3 031
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler		68	0	0	0
Renteutgifter		3 510	5 407	3 807	3 045
Avdrag på lån	8	16 360	18 300	18 300	17 936
<b>Netto finansutgifter</b>		<b>13 338</b>	<b>20 402</b>	<b>16 602</b>	<b>14 901</b>
Motpost avskrivninger		-22 530	-22 400	-22 400	-26 467
<b>Netto driftsresultat</b>		<b>-4 306</b>	<b>4 866</b>	<b>-282</b>	<b>-24 596</b>
<b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</b>					
Overføring til investering		14 900	8 400	26 750	26 750
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	11, 12	-405	-10 526	-7 346	-2 062
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond		-10 189	-2 739	-19 122	-92
Dekning av tidligere års merforbruk		0	0	0	0
<b>Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat</b>		<b>4 306</b>	<b>-4 865</b>	<b>282</b>	<b>24 596</b>
<b>Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

**§5-9 Oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar - drift***Beløp i 1000*

<b>Oversikt over budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar drift (§ 5-9)</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>
Netto driftsresultat (+ er positivt)	4 306	24 596
Avsetjing til bundne driftsfond	-9 153	-13 877
Bruk av bundne driftsfond	9 558	15 940
Overføring til investering iht.budsjett	-14 900	-26 750
Avsetjing til disposisjonsfond iht.budsjett	-390	-18 349
Bruk av disposisjonsfond iht.budsjett	22 348	37 470
<b>Årets budsjettavvik (mindreforbruk før strykningar)</b>	<b>11 769</b>	<b>19 030</b>
<b>Strykning bruk av disposisjonsfond</b>	<b>-11 769</b>	<b>-19 030</b>
<b>Mindreforbruk etter strykningar</b>	<b>-</b>	<b>-</b>

## §5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2A)

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2020	Opph. bud. 2021	Rev. bud. 2021	Rekneskap 2021
Investeringer i varige driftsmidler		209 321	123 825	103 159	98 272
Tilskudd til andres investeringer		691	0	0	0
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper		741	2 200	1 000	984
Utlån av egne midler		0	500	0	0
Avdrag på lån		0	92 075	91 875	91 875
<b>Sum investeringsutgifter</b>		<b>210 753</b>	<b>218 600</b>	<b>196 034</b>	<b>191 130</b>
Kompensasjon for merverdiavgift		-32 903	-8 410	-11 523	-8 736
Tilskudd fra andre		-10 978	-95 375	-91 875	-93 579
Salg av varige driftsmidler		-2 263	-500	-1 066	-4 410
Salg av finansielle anleggsmidler		-474	0	0	-250
Utdeling fra selskaper		0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midler		0	-200	0	0
Bruk av lån		-142 159	-102 339	-62 260	-54 958
<b>Sum investeringsinntekter</b>		<b>-188 777</b>	<b>-206 824</b>	<b>-166 724</b>	<b>-161 933</b>
Videreutlån		0	0	0	0
Bruk av lån til videreutlån		0	0	0	0
Avdrag på lån til videreutlån		1 163	0	200	67
Mottatte avdrag på videreutlån		-159	0	-200	-164
<b>Netto utgifter videreutlån</b>		<b>1 004</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-97</b>
Overføring fra drift		-14 900	-9 900	-26 750	-26 750
Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond		862	-1 176	-2 560	-2 350
Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond		-8 942	-700	0	0
Dekning av tidligere års udekket beløp		0	0	0	0
<b>Sum overføring fra drift og netto avsetninger</b>		<b>-22 980</b>	<b>-11 776</b>	<b>-29 310</b>	<b>-29 100</b>
<b>Framført til inndekning i seinare år (udekt)</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## §5-5 Bevilgningsoversikter - investering (2B)

### 1. Investeringar i varige driftsmidler

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2020	Opph. bud. 2021	Rev. bud. 2021	Rekneskap 2021
<b>Andre investeringer</b>					
Kommunale bustadområder mv. (hovedprosj.nr.)		6 548	4 000	2 750	3 302
Kommunale bygg mv. (generaløk.) (hovedprosj.nr.)		163 030	14 325	39 205	32 419
Kommunale vegar mv. (hovedprosj.nr.)		4 940	8 500	7 809	8 021
Andre investeringar (hovedprosj.nr.)		3 006	2 500	21 500	20 525
Infrastruktur Beitostølen med utbyggingssmidler og e-skattemiddel (hovedprosj.nr.)		69	18 500	9 600	7 221
<b>Sum Andre investeringer</b>		<b>177 592</b>	<b>47 825</b>	<b>80 864</b>	<b>71 489</b>
<b>Selvkost</b>					
VA-utbygging i bygda (hovedprosj.nr.)		16 206	48 000	19 800	22 437
VA - mindre anlegg årleg		0	0	0	934
VA i hytteområda (hovedprosj.nr.)		10 823	4 000	2 045	3 281
VA - transportmiddel (hovedprosj.nr.)		1 697	0	0	0
VA Høgdebasseng Nordtorp (hovedprosj.nr.)		3 001	15 000	200	-96
Oppgradering vassverk (hovedprosj.nr.)		0	9 000	0	197
Renseanlegg (hovedprosj.nr.)		2	0	250	29
<b>Sum Selvkost</b>		<b>31 729</b>	<b>76 000</b>	<b>22 295</b>	<b>26 783</b>
<b>Investeringar i varige driftsmidler</b>		<b>209 321</b>	<b>123 825</b>	<b>103 159</b>	<b>98 272</b>

### 2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2020	Opph. bud. 2021	Rev. bud. 2021	Rekneskap 2021
Øystre Slidre helsetun		94	0	0	0
Bankbygget-Næringshage		338	0	0	0
VA Kjøk- Nordtorp (LIDAR -SÆLID)		12	0	0	0
Markahøvda - utb avtale		247	0	0	0
<b>Tilskudd til andres investeringer</b>		<b>691</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

### 3. Investeringar i aksjar og andelar

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2020	Opph. bud. 2021	Rev. bud. 2021	Rekneskap 2021
Aksjer og andeler		741	700	1 000	984
Ikkje bruke (kjøp av aksjar)		0	1 300	0	0
Aksjer i nasjonalt ressursenter for fjellandbruk		0	200	0	0
<b>Investeringar i aksjer og andeler i selskaper</b>		<b>741</b>	<b>2 200</b>	<b>1 000</b>	<b>984</b>

### 4. Utlån

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2020	Opph. bud. 2021	Rev. bud. 2021	Rekneskap 2021
Lån avdrag formidlingslån		0	500	0	0
<b>Utlån av egne midler</b>		<b>0</b>	<b>500</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum del 1-4</b>		<b>210 753</b>	<b>126 525</b>	<b>104 159</b>	<b>99 255</b>

## §5-9 Oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar - investering

Beløp i 1000

Oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisp. Inv. (§ 5-9)	2020	2021
Sum utgifter og inntekter eksklusive bruk av lån (netto utg.er negativt)	-165 139	-84 058
Avsetjing til bundne investeringsfond	-2 585	-310
Bruk av bundne investeringsfond	1 723	2 660
Budsjettert bruk av lån	169 073	62 260
Overføring frå drift til investering iht.budsjett	14 900	26 750
Bruk av ubundne investeringsfond iht.budsjett	9 036	-
<b>Årets budsjettavvik (udekka beløp før strykingar)</b>	<b>27 008</b>	<b>7 302</b>
Stryking av bruk ubundne investeringsfond	-94	-
Stryking av bruk lån	-26 914	-7 302
<b>Udisponert etter strykingar</b>	<b>-</b>	<b>-</b>

**Balanse per 31.12.**

Beløp i 1000

<b>Oversikt - balanse per 31.12.</b>	<b>Note</b>	<b>Regnskap 2020</b>	<b>Regnskap 2021</b>
<b>EIENDELER</b>			
<b>A. Anleggsmidler</b>		<b>1 241 119</b>	<b>1 311 687</b>
<b>I. Varige driftsmidler</b>	<b>4</b>	<b>794 433</b>	<b>864 676</b>
1. Faste eiendommer og anlegg		773 199	846 191
2. Utstyr, maskiner og transportmidler		21 234	18 485
<b>II. Finansielle anleggsmidler</b>		<b>72 706</b>	<b>73 476</b>
1. Aksjer og andeler	5	51 067	52 001
2. Obligasjoner		-	-
3. Utlån	6	21 639	21 475
<b>III. Immaterielle eiendeler</b>		-	-
<b>IV. Pensjonsmidler</b>	<b>9</b>	<b>373 980</b>	<b>373 535</b>
<b>B. Omløpsmidler</b>		<b>223 470</b>	<b>252 914</b>
<b>I. Bankinnskudd og kontanter</b>		<b>163 002</b>	<b>206 493</b>
<b>II. Finansielle omløpsmidler</b>	<b>15</b>	<b>5 000</b>	<b>5 000</b>
1. Aksjer og andeler		-	-
2. Obligasjoner	15	5 000	5 000
3. Sertifikater		-	-
4. Derivater		-	-
<b>III. Kortsiktige fordringer</b>		<b>55 469</b>	<b>41 421</b>
1. Kundefordringer		23 578	9 080
2. Andre kortsiktige fordringer		8 981	4 720
3. Premieavvik	9	22 909	27 621
<b>Sum eiendeler</b>		<b>1 464 589</b>	<b>1 564 600</b>
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>C. Egenkapital</b>		<b>515 695</b>	<b>644 270</b>
<b>I. Egenkapital drift</b>		<b>81 956</b>	<b>79 802</b>
1. Disposisjonsfond		50 913	50 821
2. Bundne driftsfond	11, 12	31 043	28 980
3. Merforbruk i driftsregnskapet		-	-
4. Mindreforbruk i driftsregnskapet		-	-
<b>II. Egenkapital investering</b>		<b>5 522</b>	<b>3 172</b>
1. Ubundet investeringsfond		-	-
2. Bundne investeringsfond	11	5 522	3 172
3. Udekket beløp i investeringsregnskapet		-	-
<b>III. Annen egenkapital</b>		<b>428 217</b>	<b>561 296</b>
1. Kapitalkonto	2	432 494	565 573
2. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen drift	14	4 277	4 277
3. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen investering		-	-

<b>Oversikt - balanse per 31.12.</b>	<b>Note</b>	<b>Regnskap 2020</b>	<b>Regnskap 2021</b>
<b>D. Langsiktig gjeld</b>		<b>861 130</b>	<b>829 161</b>
<b>I. Lån</b>	<b>8</b>	<b>492 929</b>	<b>468 550</b>
1. Gjeld til kredittinstitusjoner	8	492 929	468 550
2. Obligasjonslån		-	-
3. Sertifikatlån		-	-
<b>II. Pensjonsforpliktelse</b>	<b>9</b>	<b>368 202</b>	<b>360 611</b>
<b>E. Kortsiktig gjeld</b>		<b>87 763</b>	<b>71 170</b>
<b>I. Kortsiktig gjeld</b>		<b>87 763</b>	<b>91 170</b>
1. Leverandørgjeld		33 840	36 341
2. Likviditetslån		-	-
3. Derivater		-	-
4. Annen kortsiktig gjeld	9	53 924	54 829
5. Premieavvik		-	-
<b>Sum egenkapital og gjeld</b>	<b>10</b>	<b>1 464 589</b>	<b>1 564 600</b>
<b>F. Memoriakonti</b>		<b>-</b>	<b>-</b>
I. Ubrukte lånemidler		52 505	83 047
II. Andre memoriakonti		502	502
III. Motkonto for memoriakontiene	-	53 007	83 549

## Notar til regnskapet

Beløp i 1000

### Note 1 Arbeidskapital

(F. § 5-10, a)

Balanseregnskapet :	31.12.2020	31.12.2021	Endring
Omløpsmidlar	223 470	252 914	29 443
Kortsiktig gjeld	-87 763	-91 170	-3 406
<b>Arbeidskapital</b>	<b>135 707</b>	<b>161 744</b>	<b>26 037</b>
<b>Drifts- og investeringsregnskapet (bevilgningsoversikter):</b>			<b>Beløp</b>
Netto driftsresultat			24 596
Netto utgifter / inntekter i investeringsregnskap			29 100
Auke i ubrukte lånemiddel			30 542
<b>Endring arbeidskapital i drifts- og investeringsregnskapet</b>			<b>26 037</b>

### Note 2 Kapitalkonto

(F § 5-10, b)

	Debet	Kredit
<b>Inngående balanse</b>		<b>432 494</b>
Aktivering av fast eiendom, anlegg, utstyr, maskiner, transportmiddel, tomter mv.		97 238
Avskrivning av fast eiendom, anlegg, utstyr, maskiner, transportmiddel mv.	26 467	
Sal av fast eiendom og anlegg	528	
Sal av aksjar og andelar	250	250
Andelar og aksjar kjøp		984
Nedskrivning og sal av aksjar og andelar	50	
Mottatte avdrag på formidlingslån	164	
Bruk av middel frå eksterne lån	54 958	
Avdrag på eksterne lån		109 878
Pensjonsmiddel endr KLP/SPK		25 922
Pensjonsmiddel estimatavvik		-26 366
Pensjonsplikter endr KLP /SPK	14 633	
Pensjonsplikter estimatavvik	-23 002	
Aga av netto pensjonsplikter	777	
<b>Utgående balanse</b>	<b>565 573</b>	

### Note 3 Regnskapsprinsipp, vurderingsreglar og organisering

(F. § 5-10, c)

#### Regnskapsprinsipp og vurderingsreglar

Regnskapet er avlagt i høve til kommunelova av 2018 med forskrifter, og god kommunal regnskapsskikk, herunder kommunale regnskapsstandardar (KRS) utgjevne av Foreningen for god kommunal regnskapsskikk (GKRS).

Kommuneregnskapet er finansielt orientert og skal vise alle økonomiske midlar som er tilgjengelege i året og bruken av desse. Inntekter og utgifter skal tidsmessig bli plasserte i det året som fylgjer av anordningsprinsippet. Anordningsprinsippet betyr at alle kjende utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar i løpet av året som vedrører kommunen si verksemd skal gå fram av drifts- eller investeringsregnskapet i året enten dei er betalte eller ikkje. Avrekning kommunale vass- og avløpsavgifter har ikkje vore periodisert per 31.12. Frå og med 2021 har kommunen utarbeida dokumenterte sjølvkostkalkyle for arealområda (i tillegg til VA mv.frå tidlegare), og saldert resultat mot bundne sjølvkostfond. Det har for øvrig kje vore endringar i regnskapsprinsipp eller regnskapsestimat av betydning i året.

Kommunen sine omløpsmidlar er vurderte til lågaste verdi av anskaffingskost og virkelig verdi. Det er avsett for pårekeleg tap i kortsiktige krav.

For dei største investeringsprosjekta i året, nye helsetunet og VA, er påløpte renter lagt til anskaffingskost, slik ein kan etter KRS 2. For øvrig har ikkje renteutgifter vore lagt til anskaffingskost i investeringsregnskapet. Der kommunen sjølv planlegg og styrer prosjektet, er lønnskostnader belasta på dei aktuelle prosjekta i investeringsregnskapet.

#### Organisering av kommunen si verksemd

Den samla verksemda til kommunen er i hovudsak organisert innanfor den ordinære organisasjonen til kommunen. Unntaket er renovasjonsordninga som er organisert i Valdres kommunale Renovasjon IKS, IKT -verksemda som er organisert i IKT Valdres IKS, og brann- og redningsvern, brannforebygging og feiing som er organisert i Valdres Brann- og Redningsteneste IKS.

I tillegg deltek kommunen i interkommunalt samarbeid på fleire område der Nord-Aurdal kommune og Vestre Slidre og Sør-Aurdal er vertskommune. Rekneskap for desse einingane er integrerte i vertskommunen sin rekneskap. Øystre Slidre kommune sin andel er utgiftsført under den relevante område i kommuneregnskapet.

### Note 4 Varige driftsmidler

(F. § 5-11, a)

Anleggsmiddelgrupper, maksimal levetid

Tekst	0 år	10 år	20 år	30 år	40 år	50 år	Sum
Bokført verdi 1.1.	31 465	21 234	49 312	5 455	469 513	217 455	794 434
Tilgang	24 464	43	7 066	227	65 425	14	97 239
Avgang	-528	-	-	-	-	-	-528
Avskrivning	-	-2 793	-3 396	-347	-14 908	-5 023	-26 467
Nedskrivning	-	-	-	-	-	-	-
Reversert nedskriv.	-	-	-	-	-	-	-
Bokført verdi 31.12.	55 401	18 484	52 982	5 335	520 030	212 446	864 678

- 0 år: Tomter og andre «evigvarande» verdiar, herunder betaling i samband med grensejustering.
- 10 år: Bilar, maskiner, inventar, utstyr, verktøy mv.
- 20 år: Brannbilar, tekniske anlegg VA, renseanlegg, parkeringsplassar mv.
- 30 år: Tekniske anlegg kraft, VAR mv.
- 40 år: Bustader, skuler, barnehagar, vegar, ledningsnett VA mv.
- 50 år: Adm.bygg, sjukeheim, lagerbygg mv.

**Note 5 Aksjar og andelar i varig eige**

(F § 5-11, b og § 5-13, c)

Namnet til selskapet	Eigarandel / antal aksjar	Endring 2021	Balanseført verdi 31.12.2021
Klp eigenkapitalinnskott		648	11 050
Innlandet Revisjon IKS (org.nr. 987 769 386)	1,49 %	36	36
A/L Biblioteksentralen (org.nr. 910 568 183)			1
Rogndokken Ind. Anlegg (ureg., opphørt /oppgjort og nedskrive i 2021)	33,33%	-50	-
Kommunekraft AS (org.nr. 866 818 452)			1
Valdres kommunale renovasjon IKS (956 351 111)	15,50 %		531
IKT Valdres IKS (org.nr. 995 607 409)	16,78 %		333
Vindin Vassverk A/L (org.nr. 970 208 437)	8,10 %		293
Valdres Energiverk AS (org.nr. 921 389 256)	33,00 % / 500		10 000
AL Settefisk			3
A/S Valdresbanen (org.nr. 960 945 069)			2
Valdres Skiferbrud A/S (org.nr. 930 986 178)	98,00 % /196		400
Innlandet Energi Holding AS (org.nr. 922 320 918)	32,50 % / 1 122 988		27 169
Valdres Næringshage AS (org.nr. 984 023 049)	2		21
Valdres Lab AS (org.nr. 986 387 250)	15,60 % / 32		140
Kompetansefondet Innlandet A/S	0,01 %		10
Beitostølen Utvikling A/S (org.nr. 991 073 973)	11,40 %		80
Valdres Folkemuseum /Valdresmusea A/S (org.nr. 989 932 357)	17,03 % / 4258		46
Øystre Slidre Idrettsarrangement A/S (org.nr. 990 575 622)	16,67% / 20		20
Døradalen Sameige			13
Norske Spor BA			1
Valdres lokalmedisinske senter Eiendom IKS (org.nr. 998 436 826)	12,69 %		1 522
Norsk Vann BA (org.nr. 986 273 026)			1
Valdres Brann- og Redningstjeneste IKS (org.nr. 920 213 820)	25,00 %		-
Norges nasjonalparkkommuner (org.nr. 914 889 375)			23
Valdres Opplæringskontor SA (org.nr. 991 988 505)			5
Beitostølen Fellesgoder AS (org.nr. 928 575 934)	50% / 300	300	300
<b>Sum</b>		<b>934</b>	<b>52.001</b>

**Note 6 Utlån (finansielle anleggsmidler)**

(F. § 5-11, c)

Låntaker	Utlån (beløp)	Finansiert med egne middel	Finansiert med lån	Vesentleg tap
Valdres Energiverk AS	20000	20000	-	-
Sosiale lån	33	33	-	-
Etableringslån	1442	-	1442	-

**Note 7 Sikring - prissikring av kraft**

(F. § 5-11, e)

Kommunen disponerer ei kraftmengde på om lag 54,4 GWh. Denne blir seld på kraftbørsen. Største mengda blir prissikra, med ein tidshorisont på 1 - 3 år, for å ha ein forutsigbar inntekt og unngå dei største svingningane i markedet.

**Note 8 Lån**

(F. § 5-12, a og b)

Eksterne lån	Bokført verdi 31.12	Rest løpetid	Rente og annan info
Lån til egne investeringar - Kommunalbanken	64 789	20.11.2043	p.t.rente. 23 års gjennomsnittleg løpetid ved refinansiering jan-21.
Lån til egne investeringar - Kommunalbanken	134 802	18.01.2046	3 mnd Nibor + 0,6 p.p. 25 års gjennomsnittleg løpetid ved refinansiering jan-21.
Lån til egne investeringar - Kommunalbanken	85 000	31.10.2061	Nytt lån i 2021. 3 mnd Nibor + 0,5 p.p. 40 års løpetid.
Lån til egne investeringar - KLP-banken	128 394	01.02.2049	3 mnd Nibor + 0,6-0,8 p.p. 27 års gjenværande løpetid.
Lån til egne investeringar - KLP banken	53 295	08.09.2050	flytande rente. 28 års gjenværande løpetid.
Lån til vidare utlån - Husbanken	2 270		Inkl.nytt lån på 500`. Flytande rente
Finansielle leieavtaler	-		
<b>Sum eksterne lån</b>	<b>468 550</b>		

Kr 91 875` vart teke opp i 2020 til nye helsetunet fram i påvente av tilskott frå Husbanken i 2021, dette vart innfridd i fyrste halvår 2021.

Nye låneopptak i 2021 på 85.500`.

Minimumsavdrag	Beløp
Berekna minimumsavdrag etter kommunelova §14-18, 1. ledd	17 099
Betalte avdrag (i drift)	17 936
Differanse mellom berekna, korrigererte og betalte avdrag	-837
Bokført verdi avskrivbare anleggsmidler 1.1.	762 968
Bokført verdi lånegjeld 1.1. ekskl.vidareutlån	492 929
Avskrivning	26 467

## Note 9 Pensjon

(F § 5-12, c)

### Generelt om pensjonsordningane i kommunen

Kommunen har kollektive pensjonsforsikringar for sine tilsette i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og Statens pensjonskasse (SPK). Det føreligg i tillegg ei individuell pensjonsavtale med tidlegare rådmann Øivind Langseth, jf. KS-50/18. Hovudelementa i avtala er at Langseth mottek eit sluttvederlag på 345 000 kroner per år i to år frå opphøyr av arbeidsforholdet sommaren 2018 og fram til Langseth blir 67 år (30.06.2021), samt ein årleg servicepensjon på 43 000 kroner frå 01.07.2019.

### Regnskapsføring av pensjon

Etter § 13 i årsregnskapsforskrifta skal driftsregnskapet bli belasta med pensjonskostnader som er rekna ut frå langsiktige føresetnader om avkastning, lønnsvekst og G-regulering. Skilnaden mellom betalt pensjonspremie og utrekna pensjonskostnad blir kalla premieavvik. Premieavviket skal bli inntekts- eller utgiftsført i driftsregnskapet med tilbakeføring att over dei neste 7-15 åra. Denne regelen inneber at utrekna pensjonsmidlar og pensjonsplikter er førte opp i balansen som hhv. anleggsmidlar og langsiktig gjeld, og med motpost kapitalkonto under egenkapital. Unntak er den individuelle pensjonsavtala, der pensjonsplikta er klassifisert som kortsiktig gjeld og kostnaden vart finansiert over drift då arbeidsforholdet opphøyrde.

### Nærare om rekneskapstala

Spesifikasjon av pensjonskostnad og årets premieavvik	2 020	2 021
Årets pensjonsopptening, nåverdi	16 413	17 039
Rentekostnad av påløpt pensjonsplikt	12 565	10 622
- Forventa avkastning på pensjonsmidla	-14 051	-12 313
Administrasjonskostnader	996	854
Netto pensjonskostnad (inkl. adm.)	15 923	16 202
Årets pensjonspremie	20 356	26 281
Årets premieavvik	4 433	10 080
<b>Amortiseringsperioder</b>		
Premieavvik over 15 år	648	623
Premieavvik over 10 år	1 112	1 112
Premieavvik over 7 år	3 281	3 915
Sum premieavvik amortisert i året	5 041	5 650
Årets samla pensjonskostnad (summen av netto pensjonskostnad og amortiseringskostnader)	20 964	21 852
Arbeidstakers pensjonstrekk	-2 966	-3 089
Tilskot sikringsordninga	73	77
<b>Sum pensjonskostnad i regnskapet</b>	<b>17 998</b>	<b>18 840</b>

Premiefond	2 020	2 021
Innestående på premiefond 01.01.	8 915	10 045
Tilført premiefondet i løpet av året	2 923	20 312
Bruk av premiefondet i løpet av året	-1 791	-6 008
Innestående på premiefond 31.12.	10 045	24 349

Pensjonsmidler og pensjonsplikter	2 020	2 021
Brutto påløpte pensjonsplikter pr. 31.12.	-368 549	-361 388
Pensjonsmidler pr. 31.12.	373 979	373 535
Netto pensjonsplikter pr. 31.12.	5 430	12 147
Arbeidsgjevaravgift pr.31.12.	348	777
Netto pensjonsplikter pr. 31.12. inkl.aga	5 778	12 924

Estimatavvik og planendringar	2 020	2 021

Estimatavvik 01.01.pensjonsmidla	812	-26 367
Estimatavvik 01.01.pensjonsplikter	34 404	23 002

<b>Beregningsforutsetningar KLP</b>	<b>2 020</b>	<b>2 021</b>
Forventa avkastning pensjonsmidla	1,71 %	1,22 %
Diskonteringsrente	3,50 %	3,00 %
Forventa årleg lønsvekst	2,48 %	1,98 %
Forventa årleg G- regulering	2,48 %	1,98 %
Forventa årleg pensjonsregulering	1,71 %	1,22 %

<b>Beregningsforutsetningar SPK</b>	<b>2 020</b>	<b>2 021</b>
Forventa avkastning pensjonsmidla	3,50 %	3,00 %
Diskonteringsrente	3,50 %	3,00 %
Forventa årleg lønsvekst	2,48 %	1,98 %
Forventa årleg G- regulering	2,48 %	1,98 %
Forventa årleg pensjonsregulering	2,48 %	1,98 %

<b>Individuell pensjonsavtale - pensjonsplikt</b>	<b>2 020</b>	<b>2 021</b>
Pensjonsplikt avsetjing per 01.01. inkl.aga - Klassifisert under kortsiktig gjeld	-1 672	-1 259
Utbetalt pensjon i året inkl.aga	413	230
<b>Pensjonsplikt avsetjing per 31.12. inkl.aga - Klassifisert under kortsiktig gjeld</b>	<b>-1 259</b>	<b>-1 029</b>

**Føresetnader:** Pensjonsplikta er berekna nominelt ut frå forventa utbetaling til år 2044 (87 år), tillagt arbeidsgjevaravgift 6,4%.

## Note 10 Forpliktingar og garantiansvar som ikkje er balanseført

(F. § 5-12, d)

Kommunen hefter ubegrensa inntil sin eigarandel for interkommunalt selskap sine plikter som blir meldt inn av selskapskreditor, jf. lov om interkommunalt selskap § 3. Låneramme er fastsett i selskapsavtale jfr lov om interkommunale selskap §22 og kommunestyret sitt vedtakog framkjem nedanfor. I tillegg kjem andre netto plikter i IKS, f.eks. pensjonsplikter. Vi viser til årsregnskapa til dei enkelte IKS.

Navn på selskap	Ansvarsandel	Låneramme	Sum lån	Delansvar gjeld /garanti	I tillegg
Valdres Kommunale Renovasjon IKS	18,03 %	80 000	71 291	12 857	øvrige netto plikter i selskapet
IKT Valdres IKS	16,67 %	12 000	3 058	510	øvrige netto plikter i selskapet
Valdres Brann- og Redningstjeneste IKS	25,00 %	80 000	36 726	9 182	øvrige netto plikter i selskapet
Innlandet Revisjon IKS	1,49 %				netto plikter i selskapet
Valdres Lokalmedisinske Senter Eiendom IKS	12,70 %	300 000	160 000	20 320	
Valdres Folkemuseum AS, KS-42/20	17 %	1 540	0	262	
Innlandet (Oppland) Fylkeskommune				75	

Kommunen har og forplikta seg ved avtaler til å betale driftstilskott framover til enkelte selskap og interkommunale samarbeid. Det gjeld m.a. det det nyleg etablerte Beitostølen Fellesgoder AS, der kommunen i 2021 inngått avtale som inneber plikt til å betale driftstilskott til selskapet med kr 2.250\* årleg i minst 5 år.

## Note 11 Bundne fond

(F. § 5-13, a)

Oversikt bundne fond	Saldo 01.01.	Saldo 31.12.	Endring	Avsetjing	Bruk	Sum
<b>Bundne driftsfond</b>	<b>31 043</b>	<b>28 980</b>	<b>- 2 062</b>	<b>-13 877</b>	<b>15 939</b>	<b>2 062</b>
2510800 Kraftfondet	- 1 301	- 1 856	- 556	-4 156	3 600	-556
2511001 Digitalt eigedomsarkiv Valdressamarbeid	- 500	- 318	182	-	182	182
2511002 Trafikksikker kommune	- 100	- 100	-	-	-	-
2512100 Kompetansemidler skule	-	- 46	- 46	-	-46	-46
2512101 Læremidler skule	-	- 78	- 78	-	-78	-78
2512500 Den kulturelle spaserstokk/skulesekk	- 83	- 135	- 52	-97	45	-52
2512510 Kulturskula avsatt stat/fylke	- 160	- 30	129	-	129	129
2512511 Kulturskula - prosjekt og gåver	- 152	- 85	67	-	67	67
2512520 Biblioteket - Digihjelp 2018	-	- 40	- 40	-40	-	-40
2512540 Ungdomsklubben	- 9	- 30	- 21	-30	9	-21
2513000 Omsorgsfondet	- 1 773	- 1 786	- 13	-13	-	-13
2513001 Bustadutbetring	- 540	- 540	-	-	-	-
2513002 Erling Stordahls fond	- 103	- 104	- 1	-1	-	-1
2513003 Gåve Grønolen gnr 2, bnr 10	- 7 526	- 1 919	5 607	107	5 500	5 607
2513004 Fact-team Valdres	- 114	- 114	-	-	-	-
2513005 Bolig for velferd	-	- 48	- 48	-500	452	-48
2513110 Gåver legekontoret	- 62	- 62	-	-	-	-
2513120 Utstyr fysioterapien	- 23	- 42	- 19	-29	10	-19
2513130 Prosjektmidl. Helsestasjon og skulehelset.	-	- 170	- 170	-170	-	-170
2513160 Gåvemidlar psykisk helse	-	- 6	- 6	-6	-	-6
2513170 Skogprodukt reisekasse	- 8	- 8	-	-	-	-
2513500 Aktivitetstiltak forebygge einsomheit	-	- 127	- 127	-127	-	-127
2513601 Sanseshage - innovasjonsmidler IHT	- 200	- 187	13	-	13	13
2513620 Gåver institusjon	- 64	- 39	25	-2	27	25
2513625 Gåver dagsenter	- 6	- 6	-	-	-	-
2513626 Gåve Willy G.Nordrum	- 107	- 107	-	-	-	-
2513627 Pårørendeforeningas gåvefond	- 27	- 27	-	-	-	-
2513629 Gåver personal institusjon	- 44	- 44	-	-	-	-
2513630 Gåver heimetenesta	- 28	- 32	- 3	-3	-	-3
2513639 Gåver personal heimetenesta	- 28	- 32	- 4	-4	-	-4
2513651 Valdres - prosjekt velferdsteknologi	- 1 069	- 480	590	-1 300	1 890	590
2513652 IHT kvardagsrehabilitering	- 394	- 368	26	-	26	26
2513653 Regionalt helseprosjekt	- 80	- 80	-	-	-	-
2513654 IHT Kompetansemidler	- 361	- 1 179	- 818	-818	-	-818
2514003 Miljøfond Vinstravassdraget	- 1 925	- 1 940	- 15	-15	-	-15
2514004 Olefondet	- 386	- 440	- 54	-64	10	-54
2514005 Jordbruksfond Sandvatnet	- 375	- 378	- 3	-3	-	-3
2514006 Viltfondet	- 75	- 46	29	-1	30	29
2514007 Elgskadefondet	- 141	- 142	- 1	-1	-	-1
2514008 Fiskefondet	- 248	- 250	- 2	-2	-	-2
2514201 Vedlikehaldsfond korona	- 280	- 278	1	-	1	1

2514302 Sjølvkostfond byggesak, eigarseksj.,plan	-	- 2 366	- 2 366	-3 020	654	-2 366
2514303 Sjølvkostfond kart og oppmåling	-	- 1 054	- 1 054	-1 082	28	-1 054
2514304 Sjølvkostfond spreidd avløp	-	- 518	- 518	-518	-	-518
2514340 Sjølvkostfond vatn	- 3 874	- 3 296	578	-69	647	578
2514350 Sjølvkostfond avløp	- 6 651	- 5 466	1 185	-117	1 302	1 185
2514500 Kommunalt næringsfond 2020	- 2 225	- 784	1 441	-	1 441	1 441
2514501 Koronakomp lokale verksemder	-	- 1 796	- 1 796	-1 796	-	-1 796
<b>Oversikt bundne fond</b>	<b>Saldo 01.01.</b>	<b>Saldo 31.12.</b>	<b>Endring</b>	<b>Avsetjing</b>	<b>Bruk</b>	<b>Sum</b>
<b>Bundne investeringsfond</b>	<b>5 522</b>	<b>3 172</b>	<b>- 2 350</b>	<b>-310</b>	<b>2 660</b>	<b>2 350</b>
2559001 Startlån - ekstra avdrag	- 29	- 127	- 97	-97	-	-97
2559950 Menkelie	- 1 500	-	1 500	-	1 500	1 500
2559951 Markahøvda fellestiltak	- 2 823	- 1 943	880	-	880	880
2559952 Beitostølen Camping bidrag	- 395	- 508	- 113	-113	-	-113
2559953 Finntøppvegen - refusjon	- 595	- 595	-	-100	100	-
2559954 Beitostølvegen	- 180	-	180	-	180	180

## Note 12 Sjølvkostområde

(F. § 5-13, b)

	Vatn	Avløp	Renovasjon	Slam	SFO
<b>Resultat 2021</b>					
Gebyrinntekter	8 955	12 953	9 412	711	447
Kostnader mv.	9 610	14 256	9 412	711	1 131
Overskot/underskot-	-654	-1 302	0	0	-684
Årets dekningsgrad	93 %	91 %	100 %	100 %	61 %
Avsetjing (-) / bruk av fond	654	1 302	0	0	0
Avsetjing renter (-)	-69	-117			
<b>Balansen</b>					
Fond 31.12.2021	3 289	5 466	0	0	0
Fond 31.12.2020	3 874	6 651	0	0	0

	Feiing	Oppmåling	Private planer, bygge- og delsak	Spreidd avløp
<b>Resultat 2021</b>				
Gebyrinntekter	1 904	1 906	5 536	936
Kostnader mv.	1 904	862	3 208	427
Overskot/underskot-	0	1 044	2 328	509
Årets dekningsgrad	100 %	221 %	173 %	219 %
Avsetjing (-) / bruk av fond	0	-1 044	-2 328	-509
Avsetning renter (-)	0	-10	-28	-9
<b>Balansen</b>				
Fond 31.12.2021	0	1 054	2 366	518
Fond 31.12.2020	0	0	0	0

Renovasjons- og slam-tenestene for Øystre Slidre kommune blir utført av Valdres kommunale Renovasjon IKS (VKR). Regnskapet til dette selskapet er såleis sjølvkostregnskapet for

renovasjonsordninga i Øystre Slidre. Kommunen har ansvaret for at VKR overheld sjølvkost, og VKR gjer dette på vegne av kommunen.

Feiing er og sjølvkostområde. Feietenesta blir utført av det interkommunale samarbeidet Valdres brann- og redningstjeneste IKS, og sjølvkostregnskapet for feiing ligg i deira regnskap samla for alle deltakarkommunane.

### Note 13 Antal årsverk og ytingar til leiande personar og revisor

(F. § 5-13, d og e)

Kommunen hadde 265 årsverk i 2021 (264 i 2020), fordelt på ca. 350 tilsette.

Rådmann har ei årsløn på kr 1.144`, samt pensjonsordning i KLP og fri telefon.

Ordførar har ei årleg godtgjersle på kr 790` samt fri telefon.

Honorar til revisor har i 2021 vore kr 683` til Innlandet Revisjon IKS. Dette fordeler seg med 329` for revisjon av årsregnskapet, 91` for attestasjonar og revisjonsuttaler, 9` for veiledning og bistand, 197` for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, og 58` for deltaking i kontrollutvals- og kommunestyremøter.

### Note 14 Tidlegare endringar i regnskapsprinsipp er belasta egenkapital

Endring i regnskapsprinsipp som fylgje av regelendring og presisering frå departementet er gjennomført frå 1993 til i dag ved direkte bokføring mot egenkapitalen (Endring regnskapsprinsipp drift). Slike utgiftsauker er ikkje kompenserte ved auka overføringar frå staten.

Nettoutgiftene frå endringane i regnskapsprinsipp er i kommunerekneskapen dekkja inn tidligare år av kommunen sine frie midlar (disposisjonsfond). Kommunen sin frie egenkapital til drift viser difor dei midla kommunen reelt har til disposisjon.

Tabellen nedanfor viser dei endringane i regnskapsprinsipp som kommunen har gjort sidan 1993 og som i si tid vart bokførte direkte mot egenkapitalen.

Prinsippendringar	År	Sum
Lagerbeholdning	1993	279
Feriepenger avsett ref Landbrukskontoret	1992	81
Feriepenger avsett kommunen for 1992	1992	4 262
Momskompensasjon (inntekt)		-346
<b>Sum bokført mot egenkapital</b>		<b>4 276</b>

### Note 15 Finansielle omløpsmiddel

Kommunen har kr 5 mill kr i obligasjon. Denne er med Sparebank 1, og forfell 15.11.2027. Rente er 3 mnd Nibor + 1,5 p.p. Verdien ifølge banken per 31.12.2021 er kr 5.038.500. Den er bokført til opprinnleg plassert beløp kr 5.000.000 i tråd med gjeldande regnskapsreglar.

## Vedlegg

## Næringsmessig bruk av eideomsskatt

Næringsmessig bruk av eideomsskatt 2021	Regn- skap	Budsj. end.	Budsj. oppr.	Budsj. end. avvik	Komm.
jf. Økonomiplan vedlegg 1	2 021	2 021	2 021		
<b>1. Regionale samarbeidsprosjekt</b>	<b>1 314</b>	<b>1 300</b>	<b>1 300</b>	<b>14</b>	
VNK	831	820	820	11	
Visit Valdres	483	480	480	3	
<b>2. Kommunale næringsprosjekt og samarbeidsprosjekt</b>	<b>3 224</b>	<b>4 222</b>	<b>4 922</b>	<b>-998</b>	
Nasjonalt senter for fjellandbruket- Løken	300	400	400	-100	1
Næringsklynga Klima+, tiltaksgjennomføring	-286	750	750	-1 036	2
Tiltaksgjennomføring nytt selskap - BFG	1 908	1 550	2 250	358	3
Framtidig bruk av sjukeheimen - nye næringer og aktivitet	392	500	500	-108	4
Drift av informasjonssenter nasjonalparkkommune	366	210	210	156	5
Drifta av torg på Beitostølen	544	612	612	-68	
Oppfølging næringsdelen av ny kommuneplan	-	200	200	-200	
<b>3. Næringsutvikling og landbruk</b>	<b>1 064</b>	<b>1 000</b>	<b>1 000</b>	<b>64</b>	
Ekstra støtte innan BU-ordninga	1 000	1 000	1 000	-	
Beitebruksplan - oppfølging	64	-	-	64	
<b>4. Gjennomføring av sti- og løypeplan</b>	<b>1 105</b>	<b>1 120</b>	<b>1 120</b>	<b>-15</b>	
Trillesti - fullføring	50	50	50	-	
Støtte til løypekøyning	753	750	750	3	
Løypeleige	302	320	320	-18	
<b>5. Drift og utvikling Beitostølen stadion</b>	<b>261</b>	<b>350</b>	<b>350</b>	<b>-89</b>	
Arrangementskoordinator	175	170	170	5	
Leige av Beitostølen stadion	86	180	180	-94	6
<b>6. For fordeling i budsjettåret</b>	<b>439</b>	<b>500</b>	<b>500</b>	<b>-61</b>	
Næringsstøtte, disp for formannskapet	339	500	500	-161	
Tilskot tilkobl.off.vatn og avløp (gammal ordning)	100	-	-	100	
<b>7. Investeringar</b>	<b>4 051</b>	<b>3 700</b>	<b>1 300</b>	<b>351</b>	
Asfaltering av kommunale vegar	1 045	1 000	1 000	45	
Skibru Finntøppvegen	-	200	-	-200	7
Furustrand inkl. gangveg Heggenes - Furustand	6	-	300	6	
Innløysing festetomt Beitostølen (KS-53+8/21), delfinans.	3 000	3 000	-	-	
Nasjonalt senter for fjellandbruket - aksjar	-	-500	-	500	8
<b>Sum totalt</b>	<b>11 458</b>	<b>12 192</b>	<b>10 492</b>	<b>-734</b>	
<b>Finansiering:</b>	<b>-12 192</b>	<b>-12 192</b>	<b>-10 492</b>		
Brukt disp fond eideomsskatt - drift	-8 492	-8 492	-9 192	-	
Brukt disp fond eideomsskatt - investering	-3 700	-3 700	-1 300	-	
<b>Meirforbruk/mindreforbruk -</b>	<b>-734</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-734</b>	<b>9</b>

## Kommentarar:

- 1 Finansieringsplan vart redusert med eksterne.
- 2 Forsinka. Finansierte med eksternt tilskot i -21.
- 3 Budsj.vart teke ned vel mykje (ifbm.inv.aksjar)
- 4 Forsinka.
- 5 Inkl.1.kv.-22 + uføresett lisens.
- 6 Redusert etter kjøp av festetomt.
- 7 Finansierte med eksterne bidrag.
- 8 Aksjer rebudsj. 20-21-22
- 9 Brukt mindre i -21, planlagt meir bruk i -22



## Budsjettavvik drift - etter art

Nedanfor gjer vi greie for vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og ev. vesentlege avvik frå kommunestyret sine premisser for bruk av løyvinga (jf. krav i kommunelova § 14-7, 2.ledd b).

Nedanfor ser vi regnskap opp mot revidert budsjett. Vi gjer merksam på at i revidert budsjett ligg det budsjettendringar som kommunestyret har vedteke, samt budsjettendringar av teknisk administrativ art. Herunder flytting av budsjetttrammer mellom teneste- og kommunalområde i samband med omorganisering av helse og omsorg mv. Flytting av budsjettpostar har vore tenleg og naudsynt for å betre budsjettoppfølging og oversikt.

*Tal i mill.kr*

### Driftsinntekter:

#### **Overføringer frå staten (rammetilskot, skatteinntekter og andre overføringer og tilskudd frå staten):**

Samla overføringer frå staten vart 19,1 mill.høgare enn året før, 14,4 høgare enn opprinneleg budsjett og **6,6 mill.høgare enn regulert budsjett**. Dette skuldast tilleggslyyvingar grunna koronaen gjennom heile året, og svært gode skatteinntekter i kommunen og på landsbasis.

Herunder fekk kommunen:

- Rammetilskot som vart 10,3 mill. høgare enn året før, 8,1 mill. høgare enn opprinneleg budsjett og **3,2 mill. høgare enn regulert budsett** og KS-prognose per august. Tala inkluderer enkelte av overføringane for korona, og inntektsutjavnning på slutten av året (2,6 mill.) som følgje av svært god skatteinngang på landsbasis.
- Skatteinntekter som vart 10,3 mill.høgare enn året før, 5,7 mill.høgare enn opprinneleg budsjett og **0,2 mill høgare** enn regulert budsjett. KS har presisert at den auka skatteinngangen i stor grad skuldast eingongsinntekter.
- Integreringstilskott vart 0,7 mill.høgare enn fjoråret og **1 mill.høgare enn budsjettert**, grunna samansetjing av flyktningane vi har motteke.
- Skjønnsmiddel mv. frå staten, til korona og prosjekt innan helse og omsorg mv.

#### **Refusjonar (overføringer og tilskot frå andre):**

Samla refusjonar vart 1,6 mill.høgare enn året før, 12 mill.høgare enn opprinneleg budsjett og **9,4 mill.høgare** enn regulert budsjett. Dette består av:

- Kommunen har fått **øyremerka tilskot/refusjonar** frå staten og andre på totalt 17 mill. Dette er 1,4 mill. høgare enn fjoråret, 8,1 mill.høgare enn opprinneleg budsjett og **5,8 mill.-høgare enn regulert budsjettert**. Budsjettavviket eri i hovudsak knytt til øyeremerka tilskot frå staten. Øyremerka tilskot skal per definisjon medføre omtrent tilsvarande auka driftsutgifter. Slike middel har i stor grad ikkje vore budsjettert, då det er usikkert når/i kva grad ein får midla, og når dei vil bli brukt. Øyremerka tilskot har vorte ein større og større del av kommunen si finansiering av aktivitet. Ein del av dei auka inntektene er unytta i 2021 og avsett til bundne fond. Sjå kommentar under netto avsetningar til eller bruk av fond.
- Under denne inntektsgruppa ligg og **sjukepenge- og fødselspengerefusjon**, som viser **3,9 mill.høgare inntekter enn budsjettert**, samt motteke mva-kompensasjon (omtrent som

budsjett). Normalt vil tilhøyrande driftsutgifter vera omtrent like høge. Det er ikkje tilfellet i 2021, lønsutgiftene er innanfor budsjett. Dermed har det vore ei **reell innsparing ved fråvær**.

### **Brukarbetalingar:**

Kommunen fekk **2 mill høgare brukarbetaling enn regulert budsjettert** i 2021, 1,3 mill.lågare enn opprinneleg budsjett. Størstedelen av budsjettavviket ligg på **institusjon innan helse og omsorg (1,6 mill.)** Budsjettet for 2021 vart teke ned etter at inntektene året før vart lågare enn budsjett, og grunna koronaen. Vi ser at budsjettreduksjonen vart vel stor for 2021, inntektene vart høgare enn kommunen torde rekne med. **Kulturskulen** viste betre inntekter enn regulert budsjett, etter at budsjettet vart teke ned grunna koronaen.

### **Sals- og leigeinntekter:**

Salgs- og leigeinntektene vart 15,4 mill.høgare enn året før, 14,3 mill.høgare enn opprinneleg budsjett og **7,5 mill.-høgare enn regulert budsjett**. Dette skuldast i hovudsak:

- Auke i **gebyrinntekter byggesak, spreidd avløp og oppmåling**, pga.auke i aktivitet og gebyr. Samla vart gebyra ca.3,5 mill.høgare enn året før, og **3,8 mill. over regulert budsjett**. Dette er sjølvkostområder, og ev.overskot har vorte avsett til bundne sjølvkostfond til bruk seinare år. Sjå kommentar under netto avsetningar til eller bruk av fond.
- **Kraftinntektene** vart 7,7 mill.høgare enn fjorår, 10,3 mill.høgare enn opprinneleg budsjett, og **2,2 mill.høgare enn regulert budsjett**. Årsaka er høgare kraftprisar på hausten og ut året.
- **Husleigeinntektene** vart 1,3 mill.høgare enn året før, 1 mill.lågare enn opprinneleg budsjett og **0,9 mill.høgare enn regulert budsjett**. Opprinneleg budsjett vart auka med 2,4 mill.pga nye helsetunet. I løpet av året vart budsjettet teke ned att fordi det framstod for optimistisk i høve faktiske nye leigeforhold, og koronaen som medførte at ein venta med å leige ut ein del einheiter. Utleiga vart noko høgare enn det regulerde budsjettet.
- Gebyr for vatn og avløp og renovasjon auka med 2 mill.høgare enn året før, men vart samla omtrent som budsjettert for 2021. Inntektene er saldert mot utgiftene og mot bundne sjølvkostfond.

### **Driftsutgifter:**

#### **Løn og sosiale utgifter:**

Samla vart løn og sosial utgifter **3 mill.lågare** enn regulert budsjett. Det er i hovudsak knytt til pensjon.

Sosiale utgifter vart **2,7 mill.lågare enn regulert budsjett** (1,9 mill.lågare enn opprinneleg budsjett). Hovudårsaker er bruk av premiefond i KLP.

- **5,6 mill.meir bruk av premiefond i KLP** enn budsjettert. Kommunane fekk i samband med pensjonsreforma tilbakeført mykje av tidlegare innbetalt premie til premiefond. Kommunen valgte i 2021 å nytte 5,6 mill.meir frå premiefond enn budsjettert (inkl.aga) til å betale årets pensjonspremie. Slik bruk blir inntektsført i kommuneregnskapet på eige område sentralt.
- I tillegg vart **premieavvik inntektsført 1,5 mill. høgare enn budsjettert** (inkl.SPK og aga).
- Som motsats fekk kommunen **høgare reguleringspremie** i 2021 enn opprinneleg føresett (auka løyving med **5,2 mill.**).

Lønskostnadane øvrig vart samla omtrent på budsjett (mindreforbruk på 0,3 mill.). Dette på tross av at vi hadde høgare sjukepenge- og fødselspengerefusjon med underbudsjettert, sjå under driftsinntekter.

**Andre driftskostnader (kjøp av varer, tenester og overføringer/tilskot til andre):**

Kjøp av varer, tenester, overføringer og tilskot vart samla 12,6 mill.høgare enn året før, 18,3 mill.høgare enn opprinneleg budsjett og **5,8 mill høgare** enn regulert budsjett.

Ein bør sjå budsjettet for kjøp av varer og tenester saman med overføringer og tilskot til andre. Årsaka er bl.a. at i budsjettrevisjonen i året vart det auka løyvingar på grunn av koronaen, og desse vart i stor grad budsjetttert under sistnevnte post, medan auka utgifter ligg på andre grupper, og særleg under kjøp av varer og tenester.

Meirforbruk mot regulert budsjett skuldast bl.a.

- Høgare kostpris på andelskraft, 4,9 mill., grunna vesentleg høgare sjølvkost hjå produsent som følgje av høgare grunnrenteskatt.
- Straum/fjernvarme/fyringsolje høgare prisauke enn føresett, 0,6 mill.
- Skyss kommunale brukarar, 0,5 mill.
- Kommunale eigedomsavgifter, 0,5 mill.
- Det kan vera høgare kostnader grunna øyremerka tilskot/prosjekt, jf. omtale av høgare inntekter.

Vi viser til omtale under dei enkelte tenesteområda for nærare om budsjettavvika.

**Avskrivningar**

Avskrivning vart **4 mill.høgare** enn estimert i budsjettet. Avskrivning går i 0 i resultatet, ved at posten blir inntektsført att på eigen post før netto driftsresultat.

**Brutto driftsresultat:**

Brutto driftsresultat vart 17,9 mill.betre enn året før, 19,9 mill.betre enn opprinneleg budsjett, og **18,5 mill.høgare enn regulert budsjett**. Dette på grunn av **høgare inntekter (25,4 mill.)**, utan at driftsutgiftene auka tilsvarande, jf. kommentarar ovanfor.

**Netto finansutgifter:**

Netto finansutgifter vart 1,5 mill.høgare enn året før, men 5,5 mill.lågare enn opprinneleg budsjett og **1,7 mill. lågare enn regulert budsjett**. Det skuldast:

- Renteinntekter vart 0,1 mill.høgare enn året før, 1,7 mill.høgare enn opprinneleg budsjett, og **0,4 mill.høgare enn regulert budsjett**. Dette skuldast dels at renta vart litt høgare enn vi føresette, at kommunen har hatt noko meir innestående på bank, bl.a. av unytta lånemiddel og forsinka investeringsprosjekt.
- Utbytte vart 0,7 mill.lågare enn året før, men 1 mill.høgare enn opprinneleg budsjett og **0,1 mill.høgare enn regulert budsjett**. Det var ei omlegging til kvartalsvis etterskotsvis utbytte frå Eidsiva Energi/Innlandet Energi frå 2020, som gjorde at kommunen fekk delvis dobbelt i 2020. Difor har utbyttet gått ned att i 2021, men vart likevel høgare enn føresett pga.auka kraftprisar.
- Renteutgifter vart 0,5 mill.lågare enn året før, 2,4 mill.lågare enn opprinneleg budsjett og **0,7 mill.lågare enn regulert budsjett**. Årsak er dels at det kan ha vorte overført meir renter til investering enn budsjetttert, dels at kommunen låg lengre etter med budsjetterte investeringar og tok opp lån seinare enn budsjetttert.

- Avdrag på lån vart **0,3 mill. lågare enn budsjettert**. Dette kan henge saman med at kommunen auka avdragstid på nytt lån til 40 år i tråd med avskrivningstid.

### **Netto driftsresultat:**

Netto driftsresultat vart 20,3 mill. betre enn fjoråret, 29,5 mil. betre enn opprinneleg budsjett og **24,3 mill. betre enn regulert budsjett**. Dette på grunn av høgare inntekter (25,4 mill.), utan at drifts- og finansutgiftene auka tilsvarande (meirforbruk 5,2mil., herav drift 6,3 mill. – finans 1,7 mill.), jf. kommentarar ovanfor.

### **Netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond:**

Det er netto brukt 2,1 mill. av bundne driftsfond i året. Det er 1,7 mill. meir enn året før, men 8,5 mill. mindre enn opprinneleg budsjett og **5,3 mill. mindre bruk enn estimert i regulert budsjett, altså «mindreinntekt» eller «meirforbruk»**. Hovudårsaker er:

- **«Meirforbruk» på 3,5 mill. ved lågare bruk av bundne sjølvkostfond for vatn og avløp**. Bruk av fond vart 3,5 mill. lågare enn budsjettert grunna lågare lønnsutgifter enn budsjettert, bl.a. fordi ein større andel enn estimert vart henført til investering i staden for drift. Også andre utgifter var litt lågare enn budsjettert. Totalt var det 3,1 mill. lågare utgifter og 0,4 mill. høgare inntekter enn budsjettert.
- **«Meirforbruk» på 1,1 mill. ved høgare avsetjing til sjølvkostfond grunna overskot på sjølvkost byggesak, spreidd avløp og oppmåling**. Dette grunna høgare gebyrinntekter enn budsjettert, jf. omtale under driftsinntekter, og lågare kostnader. Samla er det avsett overskot på desse områda i 2021 på 3,9 mill., som er **1,1 mill over estimert /budsjettert («meirforbruk»)**. Sjølvkostområdet er finansiert mot sjølvkostfond. Resultatet og dermed avsetjinga til sjølvkostfond er betre/høgare enn budsjettert med 2.044`, då gebyrinntekter vart 2.618` høgare, lønnsutgifter vart ca. 574` lågare enn budsjettert (pga. permisjonar mv.).
- **«Meirforbruk» på ca. 0,7 mill. ved høgare avsetning til bundne fond av høgare øyremerka prosjektmiddel**. Kommunen fekk 5,8 mill. høgare øyremerk middel enn budsjettert, jf. omtale under driftsinntekter. Ein del av dette måtte avsetjast då dei ikkje var nytta fullt ut i året som gjekk. Netto avsetjinga oversteig det som er teke omsyn til i budsjettet for bundne fond. I netto meiravsetjing ligg bl.a. koronamiddel til lokale verksemder med 1,8 mill, kompetansemiddel til IHT med 0,8 mill. og bustadmiddel med 0,5 mill.

### **Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond:**

Det er **netto brukt 0,1 mill.** av frie driftsfond. Det er 10,1 mill. mindre enn året før, då det vart brukt 10,2 mill. av fonda. Det er 2,6 mill. mindre enn opprinneleg budsjett og **19 mill. mindre bruk enn regulert budsjett**. Dette er resultat av dei ulike avvika ovanfor.

Sjå og oppsummering i tabell nedanfor. Positive tal er mindreforbruk, negative tal er meirforbruk.

*Tal i mill.kr.*

Budsjettavvik per kontogruppe	Budsj avvik	Delsum
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-25,4</b>	<b>-25,4</b>
Overføringar frå staten	-6,6	-6,6
Rammetilskot		-3,2
Integreringstilskot		-1
Skatteinntekter		-0,2
Skjønnsmiddel mv.		-2,2
Refusjonar	-9,4	-9,4
Øyremerka refusjonar/tilskot		-5,8
Sjuka- og fødselspengerefusjonar		-3,9
Andre		0,3
Brukerbetalingar	-1,9	-1,9
Helse og omsorg institusjon		-1,6
Andre (bl.a.kulturskulen)		-0,3
Sals- og leigeinntekter	-7,5	-7,5
Gebyrinntekter byggesak mv. (spreidd avløp, oppmåling)		-3,8
Kraftinntekter		-2,2
Husleigeinntekter		-0,9
Andre		-0,6
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>6,8</b>	<b>6,8</b>
Løn og sosiale utgifter	-3	-3
Premiefond KLP bruk		-5,6
Premieavvik inkl.aga		-1,5
Reguleringspremie		5,2
Andre avvik under sosiale kostnader (vedr.lønn)		-0,8
Lønskostnader øvrig		-0,3
Andre driftskostnader	5,8	5,8
Straum/fyringsolje/fjernvarme		0,6
Kostpris andelskraft		4,3
Skyss kommunale brukarar		0,5
Kommunale eigedomsavgifter		0,4
Avskrivning	4	4
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-18,5</b>	<b>-18,5</b>
<b>Netto finans</b>	<b>-1,7</b>	<b>-1,7</b>
Renteinntekter		-0,4
Utbytter		-0,1
Renteutgifter		-0,8
Avdrag lån		-0,4
Motpost avskrivning	-4	-4
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-24,3</b>	<b>-24,3</b>
<b>Netto avsetning/bruk bundne fond</b>	<b>5,3</b>	<b>5,3</b>
Lågare bruk sjølvkostfond VA pga lågare lønsutg.mm.		3,5
Høgare avsetning sjølvkostfond byggesak, spreidd avløp, oppmåling		1,1
Høgare avsetning bundne fond pga meir øyremerka tilskot unytta		0,7
<b>SUM</b>	<b>-19,0</b>	<b>-19,0</b>
<b>Netto avsetningbruk frie driftsfond</b>	<b>19,0</b>	<b>19,0</b>

## Øystre Slidre Frivilligsentral - Årsrapport



### Målsetting og visjon

Hovudmål: Vere eit kraftsenter for folkehelsearbeid og frivillig verksemd i kommunen.

Visjon: "Aktiv for trivsel".

Delmål:

- Legge til rette for folkehelsearbeid
- Vere ein sosial møteplass og stimulere til aktivitetar på tvers av alder og kultur
- Støtte opp om frivillig aktivitet og rekruttere nye frivillige
- Vere forum for læring om og utvikling av frivillig aktivitet

### Tilsette

Frivilligsentralen har i 2021 hatt to tilsette og ein stillingsressurs på 100%. Lina Hovi har hatt 30 % stilling som medarbeider på Frivilligsentralen og Liv Vingdal 30 % som dagleg leiar og 40 % som folkehelsekoordinator. Stillinga som folkehelsekoordinator innebær også arbeidsoppgåver utanom det ordinære arbeidet på Frivilligsentralen.

### Organisering

Frivilligsentralen er organisert under kulturavdelinga. Samhandlingsrådet for Frivilligsentralen består av tre frivillige representantar og to oppnevnte representantar frå kommunen (ein politiker og ein frå administrasjonen). Pga. korona har samhandlingsrådet hatt kun eit fysisk møte i 2021, elles har vi hatt mailkontakt for å utveksle informasjon om drifta ved sentralen.

Frivilligsentralen skal vera eit supplement til det eksisterande frivillige organiserte arbeidet i kommunen og skal drive i samsvar med dei retningslinjer som staten har gjeve for drift av frivilligsentralar, og overordna mål frå eigar, Øystre Slidre kommune.

### Frivillige

I 2021 har Frivilligsentralen hatt 70 frivillige. Pga. korona har aktiviteten vore noko redusert. Det er utført ca. 1600 timar med frivillig arbeid. Dei frivillige er stort sett pensjonistar og mest kvinner. Det er ynskjeleg å rekruttere fleire unge frivillige.

## Aktivitetar

Frivilligsentralen har hatt 14 faste aktivitetar, der sju av dei har foregått på Moatunet. Sjå oversikt på neste side.

### Faste aktivitetar i 2021

	DAG	TID	AKTIVITET	STAD
1	Kvar måndag	11.00-13.00	Babytreff	Moatunet
2	Kvar måndag	16.15-17.15	Kar-trimmen "Sterk & God"	Gymsal ØSUS
3	Kvar tysdag	11.30-14.30	Håndarbeidstreffet "Bøndingen"	Moatunet
4	Kvar tysdag	12.00-13.00	Sittedans	Omsorgsbolig
5	Kvar tysdag	13.30-14.15	Sittedans	Helsetunet
6	Kvar tysdag	16.00-17.00	Dame-trimmen "Sprek & Glad"	Gymsal ØSUS
7	Kvar onsdag	11.00-14.00	Kafé	Moatunet
8	Annankvar onsdag	19.00-22.00	Dansekveld m/Skarvemellin	Moatunet
9	1 onsdag i mnd	19.00-21.00	Musikktreff	Moatunet
10	Annankvar torsdag	12.00-13.00	Lesestund	Omsorgsbolig
11	Annankvar torsdag	13.30-14.30	Lesestund	Helsetunet
12	Kvar torsdag	15.00-17.00	Sittedans	Moatunet
13	Kvar fredag	11.00-14.00	Fredagskafé	Moatunet
14	Mån- fre	8.30-16.00	Hjelpeoppdrag	I heile kommunen

### Enkeltarrangement

1. Guida nærturar og fjellturar, juni-september
2. Stølsveko, veke 32 - sjå prosjekt
3. Frivilligfest på Solhaug 10.november med 70 gjester
4. Utlånskveldar på Utstyrssentralen

### Prosjekt

1. Friluftlivets ferdselsårer: Dette er eit samarbeidsprosjektet mellom Oppland Fylkeskommune og Valdres friluftsråd. Alle kommunar i Valdres skal vere med på dette og Øystre Slidre gjennomførte planprosessen i 2021. Planen for friluftlivets ferdselsårer er innarbeida i stig- og løypeplanen. Hovedmålet med dette prosjektet er å digitalisere 40-50 turmål i Øystre Slidre og legge det ut på nettsida Ut.no. I tillegg vil stigane bli rydda og merka betre.
2. Stølsveko: Friluftskule for barn 10-13 år. Aktivitetar til fjells i fem dagar der 22 barn deltok. Samarbeid med fjellstyre, stølseigarar og Valdres Friluftsråd. Niande året Stølsveko vart arrangert, fekk kr. 50 000 i prosjektmidler frå Fylkeskommunen.
3. Furustrand: Frivilligsentralen fekk kr. 70 000 av Sparebankstiftelsen Øystre Slidre i 2020 som vart overført til 2021. Midlane vart brukt til vanntampoline, SUP brett og utstyr til ballspel.

### Utstyrssentralen

Frivilligsentralen har det administrative ansvaret for Utstyrssentralen. Statistikk for Utstyrssentralen i 2021 viser at vi låner ut sportsutstyr som aldri før! Vi har ei fleksibel ordning i Vindevegen (lageret v/Skogprodukt) der vi tilbyr bl.a sesongutlån av skitstyr og sykklar – det betyr at folk kan låne utstyret heile vinter-/sommarsesongen. Det fører naturleg til færre utlån, men er viktig for barnefamiljar/enkeltpersonar som ikkje har råd til å kjøpe dyrt utstyr.

På Furustrand er hovudregelen dagsutlån – og utlånet der slo alle rekordar sommaren 2021 (323 lånetakarar lånte 1299 sportsartiklar!). Vi har fått mange gode tilbakemeldingar på kor flott det er at kommunen tilbyr utlån der heile sommarferien.

### Utfordringar framover

Dagleg leiar har mange og varierte arbeidsoppgåver: I tillegg til å administrere faste aktivitetar og enkeltarrangement på sentralen, er det mange faste samarbeidsmøter innan helse, kultur, flyktningteneste, friluftsliv, folkehelse og frivilligheit.

Det har i fleire år vore prata om at Øystre Slidre bør laga si eige Frivilligmelding for å sikre betre samarbeidsrutiner mellom kommune og frivilligheit. Dette arbeidet er nedprioritert fordi personalressursane på Frivilligsentralen bør prioriterast på eksisterande aktivitetar.

### Stor etterspurnad etter tilbod

Frivilligsentralen får ofte spørsmål frå kommunale tenester, lag og organisasjonar og enkelt-personar som ynskjer nye tiltak på Frivilligsentralen. Dette er spørsmål om turvenn, tiltak for barn/unge med spesielle behov, kargruppe med praktiske aktivitetar, transport-tilbod for eldre og uføre, rydde og merke turstigar, møteplassar for nye innbyggjarar og tiltak for flyktningar.

### Marknadsføring

Tilboda på Frivilligsentralen blir synleggjort på: Facebooksida vår, heimesida vår [www.oystre-slidre.frivilligsentral.no](http://www.oystre-slidre.frivilligsentral.no), på kommuna si heimeside og gjennom informasjon i lokalavisa, brosjyrer og plakatar.

### Finansiering/økonomisk oversikt

Under følgjer eit enkelt oppsett over kostnader og inntekter knytt til drifta for både frivilligsentral (60%) og folkehelse (40%).

### Rekneskap 2021

Konto		SUM
10	Løn og sosiale utgifter	650 384
11-12	Varer og tenester. Inventar og utstyr. Honorar	177 585
13-15	Kjøp av tenester. Overføringar. Finansieringsutgifter	48 886
	<b>Sum kostnader</b>	<b>876 855</b>
16-17	Salgsinntekter – Refusjoner	-113 635
18-19	Statstilskott (440 000) og prosjektmidler	-510 000
	<b>Sum inntekter</b>	<b>-623 635</b>
	<b>Lokal finansiering</b>	<b>253 220</b>

Heggenes, 17.03.2022

Liv Vingdal

Dagleg leiar Øystre Slidre Frivilligsentral

## Interkommunale tenester - årsrapportar

Sjå egne rapportar vedlagt.

### Nord-Aurdal kommune er vertskommune for dei interkommunale samarbeida:

- Skatteoppkrever
- PP-Tjeneste
- Barnevern
- Barnevern-tiltak
- NAV Valdres inkl.rus
- NAV-tiltak
- VLMS

### Sør-Aurdal kommune er vertskommune for Innkjøp Valdres

### Sør-Aurdal kommune er vertskommune for Forsikringsordningene for kommunene i Valdres (Fokva)

### Vestre Slidre kommune er vertskommune for Øvre Valdres psykologteneste.

Prioriterte tiltak 2021:

1. Oppretthalde normal drift, gje tenester i tråd med nasjonale føringar
  - Kommunepsykolog er fast deltakar i Innsatsteam for barn og unge i alle tre kommunar.
  - Kommunepsykolog deltak på faste samarbeidsmøter med psykisk helseteneste og helsestasjon i alle tre kommunar.
  - Kommunepsykolog deltek i Førebyggande Team i Vang kommune og i Oppvektsforum i Vestre Slidre kommune.
  - Kommunepsykolog gir fast rettleiing med tilsette i psykisk helseteneste og helsesjukepleiar. Tilbyr rettleiing av andre kommunalt tilsette som jobbar med barn og unge etter behov.
  - Kommunepsykolog tilbyr lavterskel pasientbehandling for ungdom og deire familier og unge vaksne mellom 13 – 25 år med milde til moderate psykiske vanskar. Kommunepsykolog har felles inntak med psykisk helseteneste i alle tre kommunar.
  - Kommunepsykolog har faste møter med kommunepsykologer i Nord Aurdal kommune og Sør-aurdal og Etnedal kommune.
  - Kommunepsykolog har i 2021 hatt 4 foreldrepar/foreldre i rettleiing/samtaler. Jamn fordeling i de tre kommunane. Varighet er mellom 1 – 6 samtaler.
  - Kommunepsykolog har i 2021 hatt 15 pasienter i behandling: 6 frå Vestre Slidre kommune, 6 frå Øystre Slidre kommune og 3 frå Vang kommune. Varighet er mellom 1 – 20 samtaler.
  - Kommunepsykologen er i spesialisering i emosjonsfokuserert terapi og skriv spesialistoppgave. Har hatt jamnlig rettleiing av annen psykolog.

## Tilstandsrapport skule

Det følgjer av opplæringslova § 13-3e at kommunen har plikt til å arbeide med kvalitetsutvikling og årleg rapportering. Kommunen skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatane frå nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-4. Som ein del av oppfølgingsansvaret, skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av kommunestyret.

Tilstandsrapport for skuler i Øystre Slidre kommune 2021 fylgjer i eige vedlegg.

